



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Berekeningsteknisk dokumentasjon
til Prop. 1 S (2021–2022)

Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2022

Grønt hefte



Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2022

Grønt hefte

Innhald	Side
Om Grønt hefte	1
Om inntektssystemet	3
Kommunesektorens frie inntekter 2022	3
Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar	6
Kap. 571 Rammetilskot til kommunar	13
Eksempel på utrekning av rammetilskot fylkeskommunar	26
Eksempel på utrekning av rammetilskot kommunar	34
Tabellar for fylkeskommunane	
Tabell 1-fk Rammetilskot til fylkeskommunane 2022	47
Tabell 2-fk Innbyggjartilskot til fylkeskommunane (kap 572, post 60)	51
Tabell 3-fk Anslag på frie inntekter i 2022. Fylkeskommunane	55
Tabell A-fk Utgiftsutjamning. Fylkeskommunane	59
Tabell B-fk Overgangsordninga. Fylkeskommunane	63
Tabell C-fk Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane	67
Tabell D-fk Indeks for berekna utgiftsbehov. Fylkeskommunane	73
Tabell E-fk Kriteriedata. Fylkeskommunane	79
Tabellar for kommunane	
Tabell 1-k Rammetilskot til kommunane 2022	87
Tabell 2-k Innbyggjartilskot til kommunane (kap 571, post 60)	107

Tabell 3-k	Anslag på frie inntekter i 2022. Kommunane	119
Tabell A-k	Utgiftsutjamning. Kommunane	131
Tabell B-k	Inntektsgarantiordning. Kommunane	149
Tabell C-k	Saker med særskild fordeling. Kommunane	191
Tabell D-k	Distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskot. Kommunane	213
Tabell E-k	Indeks for berekna utgiftsbehov. Kommunane	235
Tabell F-k	Kriteriedata. Kommunane	271

Om Grønt hefte

I statsbudsjettet for 2022, Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet, blir det gjort greie for løyvingar over kap. 571 *Rammetilskot til kommunar* og kap. 572 *Rammetilskot til fylkeskommunar*. Grønt hefte er eit berekningsteknisk vedlegg til statsbudsjettet, som gjer greie for fordelinga av rammetilskotet i 2022.

Grønt hefte startar med ein omtale av kva inntektssystemet er, og er deretter delt i to delar, ein del for fylkeskommunane og ein del for kommunane, der ein går meir detaljert inn på korleis dei ulike postane under kap. 571 og kap. 572 er fordelte mellom kommunane og mellom fylkeskommunane. Tabellane for kommunane er merkte med –k, og tabellane for fylkeskommunane er merkte med –fk.

Grønt hefte er ein rein teknisk dokumentasjon, og på grunn av avrunding av desimalane kan det nokre stader vere små avvik ved summering. Det er justert for dette i tabellane 1-fk og 1-k.

Oversikt over tabellar for fylkeskommunane:

Tabell 1-fk Rammetilskot til fylkeskommunane 2022

Tabellen gjev ei oversikt over samla rammetilskot til fylkeskommunane.

Tabell 2-fk Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2022

Tabellen viser innbyggjartilskotet for fylkeskommunane.

Tabell 3-fk Anslag på frie inntekter i 2022 for fylkeskommunane

Tabellen viser anslag på frie inntekter i 2022 og oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå 2021 til 2022 for fylkeskommunane.

Tabell A-fk Utgiftsutjamning o.a. for fylkeskommunane 2022

Tabellen viser grunnlagsberekning for innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga for fylkeskommunane.

Tabell B-fk Overgangsordninga for fylkeskommunane 2022

Ein omtale av overgangsordninga for fylkeskommunane.

Tabell C-fk Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2022

Tabellen viser saker med særskild fordeling for fylkeskommunane.

Tabell D-fk Indeks for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane 2022

Tabellen viser indeksane for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane.

Tabell E-fk Kriteriedata for fylkeskommunane 2022

Tabellen viser kriteriedata for fylkeskommunane.

Oversikt over tabellar for kommunane

Tabell 1-k Rammetilskot til kommunane 2022

Tabellen gjev ei oversikt over samla rammetilskot til kommunane.

Tabell 2-k Innbyggjartilskot til kommunane 2022

Tabellen viser innbyggjartilskotet for kommunane.

Tabell 3-k Anslag på frie inntekter i 2022 for kommunane

Tabellen viser anslag på frie inntekter i 2022 og oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå 2021 til 2022 for kommunane.

Tabell A-k Utgiftsutjamning o.a. for kommunane 2022

Tabellen viser grunnlagsberekning for innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga for kommunane.

Tabell B-k Inntektsgarantiordninga for kommunane 2022

Tabellen viser berekning av inntektsgarantiordninga for kommunane.

Tabell C-k Saker med særskild fordeling for kommunane 2022

Tabellen viser saker med særskild fordeling for kommunane.

Tabell D-k Distriktstilskot Sør-Noreg, distriktstilskot Nord-Noreg og veksttilskot 2022

Tabellen viser grunnlaget for berekning av distriktstilskot Sør-Noreg, distriktstilskot Nord-Noreg og veksttilskotet (post 61, 62 og 66) til kommunane.

Tabell E-k Indeks for berekna utgiftsbehov for kommunane 2022

Tabellen viser indeksane for berekna utgiftsbehov for kommunane.

Tabell F-k Kriteriedata for kommunane 2022

Tabellen viser kriteriedata for kommunane.

Forenkla versjon av Grønt hefte på Internett

Ein forenkla versjon av Grønt hefte blir publisert på Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine nettsider:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunedata>. Her kan ein følge utrekinga av rammetilskotet for kvar einskild kommune og fylkeskommune.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet: 22 24 90 90.

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Grete Lilleschulstad
underdirektør

Om inntektssystemet

Kommunesektoren sine inntekter er sett saman av frie og bundne inntekter. Dei bundne inntektene består hovudsakleg av øyremerkte tilskot, gebyr og eigenbetalingar, som er knytt til spesifikke kommunale tenester. Dei frie inntektene er inntekter som kommunane og fylkeskommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk. Dei frie inntektene består av rammetilskot og skatteinntekter, og inntektssystemet fordeler desse inntektene til kommunar og fylkeskommunar. Innanfor dei frie inntektene utgjør rammetilskotet om lag 44 prosent og skatteinntektene om lag 56 prosent.

Inntektssystemet jamnar ut føresetnadene for å gje eit likeverdig tenestetilbod

Det overordna føremålet med inntektssystemet er å bidra til at kommunane og fylkeskommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane og fylkeskommunane sine kostnader (utgiftsutjamning) og skilnader i skatteinntekter (skatteutjamning).

Omfordelinga som følgje av utgifts- og skatteutjamning skjer gjennom *innbyggjartilskotet (post 60)*. Utgiftsutjamninga er grunngjeve med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gjev strukturelle kostnadsskilnader, som kommunane og fylkeskommunane i liten grad sjølve kan påverke. Skilnader i kostnader mellom kommunane skyldast til dømes ulik aldersfordeling eller reiseavstand i kommunane. For å oppnå utjamning av dei økonomiske føresetnadene blir òg skatteinntektene utjamna. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. I inntektssystemet er det full utjamning av skilnader i kostnader, medan skilnader i skatteinntekter berre delvis blir utjamna.

Inntektssystemet inneheld òg tilskot som er grunngjevne ut frå regionalpolitiske mål.

Regionalpolitiske tilskot til kommunane er:

- *distriktstilskot Sør-Noreg (post 61)*,
- *distriktstilskot Nord-Noreg (post 62)*,
- *storbytilskot (post 67)*,
- *regionsentertilskot (post 65)*,
- *veksttilskot (post 66)*.

Fylkeskommunane Nordland og Troms og Finnmark får *Nord-Noreg-tilskot (post 62)*.

I tillegg blir det gjeve *skjønstilskot* for å kompensere kommunar og fylkeskommunar for lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet (kap. 571, post 64 *Skjønstilskot* og kap. 572, post 64 *Skjønstilskot*).

Kommunesektorens frie inntekter i 2022

Ved fastsetjing av nivået på dei frie inntektene i 2022, tek ein utgangspunkt i nivået på dei frie inntektene i 2021 i revidert nasjonalbudsjett for 2021. Ekstraordinære løyvingar i samband med virusutbrotet blir haldne utanfor berekningsgrunnlaget når veksten blir berekna.

Nivået på dei frie inntektene er vidare korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot, satsingar over rammetilskotet og oppgåveendringar. Dette nivået blir justert med anslått pris- og lønsauke gjennom den kommunale deflatoren. Til slutt blir veksten i frie inntekter i 2022 på 2,0 mrd. kroner for kommunesektoren samla lagt til. Veksten i frie inntekter er fordelt med 1,6 mrd. kroner til kommunane og 0,4 mrd. kroner til fylkeskommunane. Realveksten for frie inntekter for kommunesektoren samla i 2022 anslås til 0,5 prosent.

Når nivået på dei frie inntektene er fastsett, kjem ein fram til storleiken på det samla rammetilskotet ved at anslaget for skatteinntektene blir trekt frå nivået på dei frie inntektene.

Dei frie inntektene til kommunesektoren er anslått til om lag 431,4 mrd. kroner i 2022. Dette inneber ein vekst i frie inntekter, rekna frå anslag på rekneskap for 2021 i Prop. 1 S (2021–2022) på 1,6 prosent nominelt. Dette anslaget inkluderer ei oppjustering av skatteanslaget for 2021 i statsbudsjettet for 2022 med 5,9 mrd. kroner. Sidan inntektsveksten i 2022 blir rekna frå inntektsnivået i revidert nasjonalbudsjett for 2021 korrigert for løyvingar til korona, vil oppjusteringa av skatteanslaget for inneværande år ikkje påverke nivået på inntektene til sektoren i 2022. Pris- og lønsauken i kommunesektoren (den kommunale deflatoren) er anslått til 2,5 prosent i 2022. Tabell 3-k og 3-fk viser den nominelle auken i 2022 for kommunar og fylkeskommunar rekna frå anslag på rekneskap for 2021.

For meir informasjon om det økonomiske opplegget for kommunesektoren, sjå kapittel 2 og omtale av programkategori 13.70 i Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Korrigeringar i samla rammetilskot 2022

I det samla rammetilskotet for 2022 blir det, som tidlegare år, gjort ei rekkje korrigeringar på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, regelendringar, nye oppgåver, innlemming av øyremerkte tilskot o.a.

Tabellen under viser endringar i samla rammetilskot til kommunane og til fylkeskommunane som følgje av innlemmingar og korreksjonar i 2022. Sjø Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for nærare omtale.

Innlemmingar, oppgåveoverføringar og korreksjonar i rammetilskotet i 2022 (i 1 000 2022-kr):

Innlemmingar, oppgåveoverføringar og korreksjonar i 2022	Kommuner (2022-kroner)	Fylkeskommuner (2022-kroner)
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 3.- 4. trinn	35 875	0
Nominell vidareføring av kapitaltilskot i barnehagane	-255 430	0
Auken i skjønstilskotet, ekstrabevilgning til Gjerdrum	-128 125	0
Basistilskot til fastlegar – heilårseffekt av endring i 2021	77 125	0
Basistilskot til fastlegar – auke i 2022	51 000	0
Økonomisk tilsyn med private barnehagar	-5 000	0
Forvaltning og drift av nasjonale e-helseløysingar	322 200	0
Barnevernsreforma	1 310 000	0
Stillinger i det kommunale barnevernet	841 120	0
Forsøk med statlig finansiering av omsorgstenestene	2 116 143	0
Ressurskrevjande tenester, tilleggskompensasjon	-55 000	0
Redusert pensjonstilskot, private barnehagar	-206 865	0
Differensiert arbeidsgjevaravgift	-2 597	0
Avvikle forsøk i barnevernet	-40 000	0
Dagsats tiltakspengar	69 000	0
Implementering av rusreforma	100 000	0
Barnekoordinator	100 000	0
Ekstra skuletime i naturfag i grunnskulen	99 800	0
Korrigeringar for ekstraordinære løyvingar i samband med virusutbrotet	-10 432 450	-4 388 025
Kompetansekrav i statleg og kommunalt barnevern	52 500	750
Tolkelova	20 674	1 751
Universell utforming IKT	34 000	5 000
Statlege og private skular, endring i talet på elevar	-117 742	-138 885
Reduserte ferjetakstar	0	97 363
Utfasing av mellombels auke i lærlingtilskotet	0	-174 250
Nominell vidareføring av lærlingtilskotet	0	-97 925
Fv. 353 Gassvegen	0	-76 875
Nye/utvida landslinetilbod	0	-3 300
Kompensasjon for auka CO2-avgift	0	98 818
Tunellsikkerheitsforskrifta	0	231 000
Auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring	0	73 280
Helikopterrute Værøy-Bodø	0	-41 200
Overføring av oppgåver på kulturminneområdet	0	4 200
Sum	-6 024 022	-4 408 298

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

Rammetilskotet til fylkeskommunane kjem fram som summen av innbyggjartilskotet (post 60), Nord-Noreg-tilskotet (post 62) og skjønstilskotet (post 64). I 2022 er samla rammetilskot til fylkeskommunane om lag 40,1 mrd. kroner.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar 2022 – inndeling på postar:

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar		Framlegg 2022 (1 000 kr)
Post 60	Innbyggjartilskot	38 990 254
Post 62	Nord-Noreg-tilskot	710 577
Post 64	Skjønstilskot	382 000
Sum kap. 572		40 082 831

Kap. 572, post 60 Innbyggjartilskot

Storleiken på innbyggjartilskotet blir fastsett ved at summen av dei andre tilskota i inntektssystemet (post 62 Nord-Noreg-tilskot og post 64 Skjønstilskot) blir trekte ut frå samla rammetilskot. Departementet føreslår å fordele i underkant av 39 mrd. kroner som innbyggjartilskot til fylkeskommunane i 2022.

Ein mindre del av innbyggjartilskotet blir gjeve med ei særskild fordeling. Fordelinga er vist i tabell C-fk. Etter at sakene med særskild fordeling er trekte ut, blir innbyggjartilskotet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. Det er talet på innbyggjarar per 1. juli 2021 som er lagt til grunn.

Deretter blir innbyggjartilskotet fordelt om etter:

- utgiftsutjamninga, basert på kostnadsnøklane for fylkeskommunane (tabellane A-fk og D-fk)
- korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular (tabell A-fk)
- overgangsordninga (tabell B-fk)
- skatteutjamninga (blir ikkje vist i Grønt hefte)

Saker med særskild fordeling

Innanfor innbyggjartilskotet finst det midlar som ikkje blir fordelte etter dei andre kriteri i inntektssystemet, men som er gjevne ei særskild fordeling. Kompensasjon for endringar i inntektssystemet frå og med 2020 er òg lagt inn i tabell C. Tabellen under viser saker som har ei særskild fordeling i 2022.

Saker med særskild fordeling 2022:

Sak	Beløp (1 000 kr)
Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	1 619 832
Kompensasjon for forskrift om tunnelsikkerheit	558 761
Ras- og skredsikring fylkesveg	838 269
Ferjeavløysningsmidlar	112 617
Ikkje-statlege lufthamner	48 447
Fiskerihamner	36 056
Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar	102 500
Distrikts- og regionalpolitiske tilskot	105 377
Forvaltning av tilskot på landbruksområdet	8 421
Tilskotsordninga «Jobbsjansen», del B	100 004
Barnevern, Oslo	707 102
Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	335 000
Sum tabell C	4 572 386

Utgiftsutjamning

Det er til dels store kostnadsskilnader i tenesteytinga mellom fylkeskommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal fylkeskommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei skilnadene i kostnader som dei sjølv ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga og strukturelle og sosiale tilhøve i fylkeskommunane. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som er sett saman av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar fylkeskommune berekna. Deretter blir innbyggjartilskotet fordelt mellom fylkeskommunane etter utgiftsbehovet deira. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå somme fylkeskommunar blir delt ut att til andre fylkeskommunar.

Kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane er sett saman av delkostnadsnøklar for vidaregåande opplæring, fylkesvegar, kollektivtrafikk (buss/bane og båt/ferje) og tannhelsetenesta. Normalt ville ein for utgiftsutjamninga for 2022 teke utgangspunkt i rekneskapstala frå 2020 når ein skal berekne andelen kvar sektor skal utgjere av utgiftsutjamninga. Under koronapandemien har det blitt gjeve ekstraordinære overføringer til kommunesektoren og aktiviten mellom dei ulike sektorane er endra. Dette gjer at rekneskapstala for 2020 i mindre grad gjev eit korrekt bilete av ein normalsituasjon for kommunesektoren. I utgiftsutjamninga for 2022 ligg difor rekneskapstala frå 2019 til grunn, ikkje tala frå 2020, slik dei ville gjort i eit normalår. Det er vidare teke omsyn til oppgåveendringar, korreksjonar o.a. som ikkje inngår i rekneskapstala for 2020–2022. Sektorvektene for dei ulike delkostnadsnøklane er viste i tabellen under.

Sektorvekter til kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane 2022:

Sektor	Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger KOSTRA 2019 (1 000 kr)	Korreksjonar og innlemmingar 2020-2022 (1 000 kr)	Sektordel (%)
Vidaregåande opplæring	32 326 955	40 221	52,58
Fylkesveg	7 012 085	5 166 884	19,78
Buss og bane	10 098 906	51 948	16,49
Båt og ferje	4 002 361	269 582	6,94
Tannhelse	2 589 982	0	4,21
Sum	56 030 289	5 528 635	100

Tabellen under viser samla kostnadsnøkkel for fylkeskommunane i 2022.

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane 2022:

Kriterium	Kriterievekter
Innbyggjarar 1–18 år	0,0323
Innbyggjarar 19–20 år	0,0036
Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over	0,0011
Innbyggjarar 67 år og over	0,0051
Innbyggjarar 16–18 år	0,4002
Søkjjarar til utdanningsprogram med høg kostnad	0,0930
Reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar	0,0172
Søkjjarar til læreplass	0,0154
Innbyggjarar busett spreidd	0,0207
Sysselsette etter arbeidsstad, skalert (ut over 29 prosent)	0,1442
Normerte kostnader ferje	0,0452
Normerte kostnader båt	0,0121
Kystline i alt	0,0121
Vedlikehaldsbehov fylkesveg	0,1746
Innbyggjartal	0,0232
Sum	1,0000

Kriteriedata er gjort nærare greie for i tabell E-flk.

Samla utgiftsbehov for fylkeskommunane

For å berekne kor stort omfanget av utgiftsutjamninga skal vere, det vil seie det samla utgiftsbehovet, tek ein utgangspunkt i dei siste tilgjengelege tala for netto driftsutgifter for dei tenestene som inngår i kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane, frå kommunerekneskapane frå KOSTRA/SSB. Normalt ville ein for utgiftsutjamninga for 2022 teke utgangspunkt i rekneskapstala frå 2020. Under koronapandemien har det blitt gjeve ekstraordinære overføringar til kommunesektoren og aktiviten mellom dei ulike sektorane er endra. Dette gjer

at rekneskapstala for 2020 i mindre grad gjev eit korrekt bilete av ein normalsituasjon for kommunesektoren. Ved berekning av samla utgiftsbehov for 2022 ligg difor rekneskapstala for 2019 til grunn, ikkje tala frå 2020, slik dei ville gjort i eit normalår.

Dei summerte netto driftsutgiftene er deretter framskrivne med veksten i dei frie inntektene i perioden 2019–2022 (veksten er ikkje oppgåvekorrigert). Utgiftsbehovet for fylkeskommunane er i 2022 berekna til om lag 67,6 mrd. kroner, dvs. eit gjennomsnitt på 12 507 kroner per innbyggjar.

Utgiftsbehovet blir endra når nye sektorar eller tilskot blir inkluderte i utgiftsutjamninga, til dømes når øyremerkte tilskot blir innlemma i inntektssystemet, når oppgåver blir overførte mellom forvaltningsnivå, eller når særskilde fordelingar går over til å bli fordelte etter kostnadsnøkkelen.

Indeks for berekna utgiftsbehov for kvar fylkeskommune

Kostnadsnøklane blir brukte saman med kriteriedata for å lage indeksar for berekna utgiftsbehov for kvar fylkeskommune. Kriteriedata er baserte på statistikk frå mellom anna Statistisk sentralbyrå (SSB) og Utdanningsdirektoratet.

Indeksane er utgangspunktet for berekninga av utgiftsutjamninga for kvar fylkeskommune. Indeksane for alle fylkeskommunane kjem fram i tabell D-fk.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Fylkeskommunar med ein indeks som er høgare enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er høgare enn gjennomsnittet i landet, medan fylkeskommunar med ein indeks som er lågare enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet. Til dømes har ein fylkeskommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein prosent lågare enn landsgjennomsnittet, medan ein fylkeskommune med ein indeks på 1,07 har eit berekna utgiftsbehov som er sju prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

Følgjande likning viser korleis ein bereknar indeks for ein fylkeskommune sin del av eit kriterium:

$$(1) \text{ Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunen sin del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Indeks for ein fylkeskommune sin del av 16–18-åringar blir såleis rekna ut ved (2):

$$(2) \text{ Indeks}_k = \frac{\frac{\text{Talet på 16–18-åringar i fylkeskommune X}}{\text{Talet på 16–18-åringar i landet}}}{\frac{\text{Innbyggjarane i fylkeskommune X}}{\text{Innbyggjarane i landet}}}$$

Indeksen kan òg tolkast som forholdet mellom delen av innbyggjarane i fylkeskommune X som er 16–18 år, og delen av innbyggjarane som er 16–18 år i landet. Ei omskriving av uttrykket (2) gjev (2'):

$$(2') \text{ Indeks}_k = \frac{\frac{\text{Talet på 16–18-åringar i fylkeskommune X}}{\text{Innbyggjarar i fylkeskommune X}}}{\frac{\text{Talet på 16–18-åringar i landet}}{\text{Innbyggjarar i landet}}}$$

Omfordeling mellom fylkeskommunane

Utgiftsutjamninga skjer ved eit trekk i innbyggjartilskotet for dei fylkeskommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir lett drivne), og ved eit tillegg i innbyggjartilskotet for dei fylkeskommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir tung drivne). Storleiken på trekket eller tillegget er differansen mellom berekna utgiftsbehov per innbyggjar i fylkeskommunen og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar på landsbasis, summert for alle innbyggjarane i fylkeskommunen.

Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Private skular blir finansierte gjennom statlege tilskot og eigenbetaling frå elevane, medan fylkeskommunale skular blir finansierte gjennom dei frie inntektene til fylkeskommunane. Når ein elev i eit fylke vel ein privat skule i staden for ein fylkeskommunal skule, vil fylkeskommunen sine utgifter knytt til denne eleven bli vesentleg reduserte. Kvart år blir samla rammetilskot til fylkeskommunane på landsbasis korrigert for endringa i talet på elevar i private og statlege skular (trekkordninga). Gjennom trekkordninga blir den totale inntektsramma til fylkeskommunane redusert med 80 prosent av gjennomsnittskostnadene for kvar nye elev i privat eller statleg vidaregåande opplæring (sjå tabellen over korreksjonar i rammetilskotet).

I tillegg til trekkordninga blir det gjort ei omfordeling mellom fylkeskommunane (korreksjonsordninga), der innbyggjartilskotet blir fordelt om ut ifrå talet på elevar i statlege og private skular i kvar einskild fylkeskommune. I korreksjonsordninga får fylkeskommunane eit trekk i innbyggjartilskotet for dei elevane dei har i statlege og private skular. Elevtalet som blir nytta i utrekninga av trekket i 2022 er gjennomsnitt av tal for 1. oktober 2020 og 1. april 2021. Det er skilt mellom fire ulike kategoriar av undervisning:

- elevar som får vanleg undervisning
- elevar ved skular med naturbruk
- elevar som går på vidaregåande spesialskular
- elevar med opphald/som er innlosjerte ved skulen.

Samla trekk blir ført tilbake til alle fylkeskommunane etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen (sjå tabell A-fk).

Tabellen under viser trekkstatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2022. Trekkstatsane ligg under gjennomsnittskostnaden per elev på landsbasis, fordi ein reknar med at den marginale innsparinga knytt til ein elev er lågare enn gjennomsnittskostnaden.

Trekkstatsar for elevar i statlege og private skular 2022:

Kategori	Kroner per elev
Vanleg undervisning	119 000
Skular med naturbruk	145 000
Spesialskular	329 100
Opphald/innlosjering ved skulen	347 700

Overgangsordning

I 2022 er overgangsordninga sett saman av overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020, og overgangsordning knytta til tre nye saker i 2022.

Overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020 sikrar at fordelingsverknadene blir fasa gradvis inn over ein periode på fire år. Overgangsordninga for nye saker i 2022 sikrar at fordelingsverknader av den nye båt- og ferjenøkkelen, den nye modellen for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg og innlemminga av midlar til vegadministrasjon blir fasa gradvis inn over ein periode på to år. Sjå Prop. 192 S (2020-2021) *Kommuneproposisjonen 2022* for ei nærare forklaring av dei tre endringane.

Overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020 er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2020, får att 1/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarande trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet.

Overgangsordninga for nye saker i 2022 er innretta slik at fylkeskommunar som samla sett får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av ny båt- og ferjenøkkel, ny modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg og innlemminga av midlar til vegadministrasjon, får att 1/2 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022, mens fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av endringane får eit tilsvarande trekk.

Frå 2023 vil nytt inntektssystem frå 2020 få full effekt. Fordelingsverknaden av dei tre nye sakene i overgangsordninga i 2022 vil òg vere fasa inn i 2023.

Skatteutjamning

Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnader i skatteinntekter mellom fylkeskommunane. Skatteutjamninga for fylkeskommunane omfattar inntektsskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak.

Fylkeskommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet blir kompenserte for 87,5 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og gjennomsnittet i landet.

Fylkeskommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet blir trekte for 87,5 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet.

Skatteutjamninga blir berekna fortløpande ti gonger i året, etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Trekk eller tillegg gjennom skatteutjamninga blir rekna av mot utbetaling av rammetilskot til fylkeskommunen.

Endeleg fordeling av rammetilskotet til fylkeskommunane i 2022 vil ikkje vere klar før i februar 2023, når endelege skattetal for 2022 ligg føre. Oversikt over skatteutjamninga finn ein på Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine Internettsider: www.regjeringen.no/kmd.

Kap. 572, post 62 Nord-Noreg-tilskot

Nord-Noreg-tilskotet er eit særskild regionalpolitisk verkemiddel, som blir gjeve som eit beløp per innbyggjar, med ulike satsar for kvar fylkeskommune. Til grunn for utrekninga av Nord-Noreg-tilskotet ligg folketalet per 1. januar i året før budsjettåret, dvs. 1. januar 2021. Satsane er nominelt videreførte frå 2021.

Departementet føreslår å fordele om lag 711 mill. kroner i Nord-Noreg-tilskot til fylkeskommunane i 2022.

Nord-Noreg-tilskot til fylkeskommunar - satsar 2022:

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 298
Troms og Finnmark	1 646

Kap. 572, post 64 Skjønstilskot

Skjønstilskotet blir brukt til å kompensere fylkeskommunar for lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Departementet føreslår å setje skjønstilskotet til fylkeskommunane til 382 mill. kroner i 2022. Dette er ei nominell vidareføring av nivået i 2021 utenom skjønsmidlar gjeve som følge av koronapandemien. Av dette er 332 mill. kroner fordelt i ei basisramme, medan 50 mill. kroner er halde tilbake til ekstraordinære hendingar i løpet av året.

Skjønsmidlane som inngår i basisramma er fordelte direkte frå departementet og er vist i tabell 1-fk.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

Rammetilskotet til kommunane kjem fram som summen av innbyggjartilskotet (post 60), distriktstilskot Sør-Noreg (post 61), distriktstilskot Nord-Noreg (post 62), skjønstilskotet (post 64), regionsentertilskotet (post 65), veksttilskotet (post 66) og storbytilskotet (post 67). I 2022 er samla rammetilskot til kommunane 149,278 mrd. kroner ekskl. post 21.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar 2022 – inndeling på postar:

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar*		Framlegg 2022 (1 000 kr)
Post 60	Innbyggjartilskot	144 268 487
Post 61	Distriktstilskot Sør-Noreg	808 128
Post 62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 253 346
Post 64	Skjønstilskot	990 000
Post 65	Regionsentertilskot	203 375
Post 66	Veksttilskot	145 756
Post 67	Storbytilskot	608 665
Sum kap. 571		149 277 757

* Post 21 Spesielle driftsutgifter er ikkje rekna med.

Kap. 571, post 60 Innbyggjartilskot

Storleiken på innbyggjartilskotet blir fastsett ved at summen av dei andre tilskota under kap. 571 (post 61–67) blir trekte ut ifrå samla rammetilskot. Departementet føreslår å fordele om lag 144,3 mrd. kroner gjennom innbyggjartilskotet til kommunane for 2022.

Ein mindre del av innbyggjartilskotet er gjeve ei særskild fordeling, presentert i tabell C-k (medrekna inndelingstilskotet). Innbyggjartilskotet blir, etter at tabell C-sakene er trekte frå, fordelt som eit likt beløp per innbyggjar til alle kommunane. Det er talet på innbyggjarar per 1. juli 2021 som er lagt til grunn.

Deretter blir innbyggjartilskotet fordelt om etter:

- utgiftsutjamninga, basert på kostnadsnøklane for kommunane (tabell A-k og E-k)
- korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular (tabell A-k)
- inntektsgarantordninga (tabell B-k)
- skatteutjamninga (blir ikkje vist i Grønt hefte)

Saker med særskild fordeling, medrekna inndelingstilskot (tabell C)

Innanfor innbyggjartilskotet finst det midlar som ikkje blir fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, men som er gjevne ei særskild fordeling. Det gjeld til dømes midlar til oppgåver som få kommunar har, inndelingstilskot o.a.

Saker med særskild fordeling 2022:

Sak	Beløp (1 000 kroner)
Inndelingstilskot	1 432 752
Trekk Nannestad og Ullensaker	-19 350
Helsestasjons- og skulehelseteneste	952 215
Korreksjon kommunal medfinansiering statleg barnevern, Oslo kommune	-144 439
Forsøk med ny oppgave- og ansvarfordeling i barnevernet	20 400
Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt	205 800
Avgiftsendringar i differensiert arbeidsgjevaravgift (DA).	-2 597
Kompensasjon for ansvarsauke i barnevern	655 000
Sum tabell C 2022	3 099 781

Inndelingstilskotet

Inndelingstilskotet er ei kompensasjonsordning for kommunar som slår seg saman og skal kompensere kommunane for ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av samanslutninga. Inndelingstilskotet kompenserer for bortfall av basistilskot og ein eventuell nedgang i distriktstilskot. To kommunar som har slått seg saman vil få eit basistilskot på same måte som andre kommunar i utgiftsutjamninga, mot to basistilskot før samanslåinga. Den samanslåtte kommunen blir difor kompensert gjennom inndelingstilskotet for bortfall av eit basistilskot. Dersom ein samanslått kommune får mindre i distriktstilskot enn kommunane ville fått kvar for seg, blir kommunen gjennom inndelingstilskotet kompensert for differansen mellom det den samanslåtte kommunen får og det dei ville fått kvar for seg.

Inndelingstilskotet blir gjeve frå det året samanslåinga trer i kraft. Kommunane får fullt tilskot i 15 år, før det deretter blir trappa gradvis ned over fem år. For kommunar der det er fatta eit nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden 2014–2017 (kommunereforma) blir inndelingstilskotet rekna ut frå gjeldande inntektssystem i 2016.

I 2022 er det 53 kommunar som får inndelingstilskot, samla utgjør dette i overkant av 1,4 mrd. kr. For ein nærare omtale av inndelingstilskotet til dei aktuelle kommunane, sjå tabell C-k.

Utgiftsutjamning

Det er til dels store skilnader i kostnader i tenesteytinga mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadene som dei ikkje kan påverke sjølve. Det gjeld til dømes aldersfordelinga og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som er sett saman av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna. Deretter blir innbyggjartilskotet fordelt mellom kommunane etter utgiftsbehovet deira. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå somme kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

Kostnadsnøkkelen for kommunane er sett saman av delkostnadsnøklar for grunnskule, pleie og omsorg, sosialhjelp, barnevern, kommunehelseteneste, barnehage, landbruk samt administrasjon og miljø.

Normalt ville ein for 2022 teke utgangspunkt i rekneskapstala frå 2020 når ein skal berekne andelen kvar sektor skal utgjere av utgiftsutjamninga. Under koronapandemien har det blitt gjeve ekstraordinære overføringar til kommunesektoren, og aktiviten mellom dei ulike sektorane er endra. Dette gjer at rekneskapstala for 2020 i mindre grad gjev eit korrekt bilete av ein normalsituasjon for kommunesektoren. I utgiftsutjamninga for 2022 ligg difor rekneskapstala frå 2019 til grunn, ikkje tala frå 2020, slik dei ville gjort i eit normalår. Det er vidare teke omsyn til oppgåveendringar, korreksjonar o.a. som ikkje inngår i rekneskapstala for åra 2020–2022. Sektorvektene for dei ulike delkostnadsnøklane er viste i tabellen under.

Sektorvektar til kostnadsnøkkelen for kommunane 2022:

Sektor	Netto driftsutgifter ekskl. avskrivningar KOSTRA 2019 (1 000 kr)	Korreksjonar og innlemmingar 2020–2022 (1000 kr	Sektordel (%)
Grunnskule	74 091 127	2 052 604	25,33 %
Pleie og omsorg	103 596 523	1 436 651	34,95 %
Sosialhjelp	16 001 237	830 002	5,60 %
Barnevern	12 117 451	1 476 407	4,52 %
Kommunehelse	16 130 086	484 221	5,53 %
Barnehage	47 625 951	-117 982	15,81 %
Administrasjon og miljø	25 239 609	-1 036 121	8,05 %
Landbruk	613 272	10 087	0,21 %
Sum	295 415 256	5 135 869	100,00 %

Tabellen under viser delkostnadsnøkklane i kostnadsnøkkelene for kommunane i 2022.

Delkostnadsnøkklane i kostnadsnøkkelene for kommunane i 2022

Sektor	Administrasjon og miljø	Landbruk	Grunnskole	Pleie og omsorg	Sosialhjelp	Barnevern	Helse	Barnehage
Innbyggjarar 0-1 år	0,0217			0,0039		0,0273	0,0239	
Innbyggjarar 2-5 år	0,0458			0,0082		0,0576	0,0504	0,7816
Innbyggjarar 6-15 år	0,1113		0,9247	0,0200		0,1402	0,1227	
Innbyggjarar 16-22år	0,0833			0,0150	0,0322	0,1050	0,0918	
Innbyggjarar 23-66 år	0,5332			0,0959	0,2064		0,3089	
Innbyggjarar 67-79 år	0,0884			0,1101			0,2061	
Innbyggjarar 80-89 år	0,0320			0,2025			0,0745	
Innbyggjarar 90 år og over	0,0077			0,1068			0,0181	
Gradert basiskriterium	0,0765		0,0122	0,0119			0,0453	
Reiseavstand innan sone			0,0177	0,0112			0,0291	
Reiseavstand innan nabokrets			0,0177	0,0112			0,0291	
Landbrukskriteriet		1,0000						
Innvandrarar 6-15 år, ekskl. Skandinavia			0,0277					
Pers. med psykisk utviklingshemming 16 år og over				0,1406				
Ikkje-gifte 67 år og over				0,1313				
Dødligheitkriterium				0,1313				
Uføre 18-49 år					0,1126			
Flyktingar utan integreringstilskot					0,1459			
Opphopingsindeks					0,1658			
Aleinebuande 30-66 år					0,3371			
Barn 0-15 år med einlig forsørgjar						0,4122		
Låginntektskriteriet						0,2577		
Barn 1 år utan kontantstøtte								0,1042
Innbyggjarar med høgare utdanning								0,1142
Sum	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000

Tabellen under viser samla kostnadsnøkkel for kommunane i 2022 og kva vekt kvart kriterium har. Kriteria er nærare omtalt under tabell F-k.

Kostnadsnøkkel for kommunane 2022:

Kriterium	Kriterievekter
Innbyggjarar 0–1 år	0,0057
Innbyggjarar 2–5 år	0,1355
Innbyggjarar 6–15 år	0,2632
Innbyggjarar 16–22 år	0,0236
Innbyggjarar 23–66 år	0,1051
Innbyggjarar 67–79 år	0,0570
Innbyggjarar 80–89 år	0,0775
Innbyggjarar 90 år og over	0,0389
Gradert basiskriterium	0,0159
Reiseavstand innan sone	0,0100
Reiseavstand til nabokrets	0,0100
Landbrukskriterium	0,0021
Innvandrarar 6-15 år, ekskl. Skandinavia	0,0070
Personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over	0,0491
Ikkje-gifte 67 år og over	0,0459
Dødelegheitskriterium	0,0459
Uføre 18-49 år	0,0063
Flyktingar utan integreringstilskot	0,0082
Opphopingsindeks	0,0093
Aleinebuande 30-66 år	0,0189
Barn 0–15 år med einsleg forsørgjar	0,0186
Låginntektskriteriet	0,0117
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0165
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0181
Sum	1,0000

Samla utgiftsbehov for kommunane

For å berekne kor stort omfanget av utgiftsutjamninga skal vere, det vil seie det samla utgiftsbehovet, tek ein utgangspunkt i dei siste tilgjengelege tala for netto driftsutgifter for dei tenestene som inngår i kostnadsnøkkel for kommunane, frå kommunerekneskapane frå KOSTRA/SSB. Normalt ville ein for utgiftsutjamninga for 2022 teke utgangspunkt i rekneskapstala frå 2020. Under koronapandemien har det blitt gjeve ekstraordinære overføringar til kommunesektoren og aktiviten mellom dei ulike sektorane er endra. Dette gjer at rekneskapstala for 2020 i mindre grad enn vanleg gjev eit korrekt bilete av ein normalsituasjon for kommunesektoren. Ved berekning av samla utgiftsbehov for 2022 ligg difor rekneskapstala for 2019 til grunn, ikkje tala frå 2020, slik dei ville gjort i eit normalår.

Dei summerte netto driftsutgiftene er deretter framskrivne med veksten i dei frie inntektene i perioden 2019–2022 (veksten er ikkje oppgåvekorrigert). Utgiftsbehovet for kommunane er i

2022 berekna til om lag 319,1 mrd. kroner, dvs. eit gjennomsnitt på 59 073 kroner per innbyggjar.

Utgiftsbehovet blir endra når nye sektorar eller tilskot blir inkluderte i utgiftsutjamninga, til dømes når øyremerkte tilskot blir innlemma i inntektssystemet, når oppgåver blir overførte mellom forvaltningsnivå, eller når særskilde fordelingar går over til å bli fordelte etter kostnadsnøkkelen.

Indeks for berekna utgiftsbehov for kvar kommune

Kostnadsnøklane blir brukte saman med kriteriedata til å lage indeksar for berekna utgiftsbehov for kvar kommune. Kriteriedata er baserte på statistikk frå mellom anna Statistisk sentralbyrå (SSB), Finansdepartementet, Helsedirektoratet (Hdir), NAV og Utdanningsdirektoratet. (Sjå omtala til tabell F-k).

Indeksane er utgangspunktet for utgiftsutjamninga for kvar kommune. Indeksane for alle kommunane kjem fram i tabell E-k.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er høgare enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er høgare enn landsgjennomsnittet, medan kommunar med ein indeks som er lågare enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet. Til dømes har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein prosent lågare enn landsgjennomsnittet, medan ein kommune med ein indeks på 1,07 har eit berekna utgiftsbehov som er sju prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

Følgjande likning viser korleis ein bereknar indeksen for ein kommune sin del av eit kriterium:

$$(1) \text{ Indeks}_k = \frac{\text{Kommunen sin del av kriterium}}{\text{Kommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Indeks for ein kommune sin del av 6–15-åringar blir såleis rekna ut ved (2):

$$(2) \text{ Indeks}_k = \frac{\frac{\text{Talet på 6–15-åringar i kommune X}}{\text{Talet på 6–15-åringar i landet}}}{\frac{\text{Innbyggjarane i kommune X}}{\text{Innbyggjarane i landet}}}$$

Indeksen kan òg tolkast som forholdet mellom delen av innbyggjarane i kommune X som er 6–15 år, og delen av innbyggjarane som er 6–15 år i landet. Ei omskriving av uttrykket (2) gjev (2'):

$$(2') \text{ Indeks}_k = \frac{\frac{\text{Talet på 6–15-åringar i kommune X}}{\text{Innbyggjarane i kommune X}}}{\frac{\text{Talet på 6–15-åringar i landet}}{\text{Innbyggjarane i landet}}}$$

Omfordeling mellom kommunane

Utgiftsutjamninga skjer ved eit trekk i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir lettdrivne), eller ved eit tillegg i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir tungdrivne). Storleiken på ftrekket eller tillegget er differansen mellom berekna utgiftsbehov per innbyggjar i kommunen og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar på landsbasis, summert for alle innbyggjarane i kommunen.

Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Kommunane har ansvaret for å gje innbyggjarar i alderen 6–15 år grunnskuleundervisning, men dei finansierer ikkje undervisninga til elevar som går i private og statlege grunnskular. Kvart år blir samla rammetilskot til kommunane på landsbasis korrigert for endringa i talet på elevar i private og statlege skular (trekkordninga). Gjennom trekkordninga blir den totale inntektsramma til kommunane redusert med 80 prosent av gjennomsnittskostnadene per nye elev i privat eller statleg grunnskule (sjå tabellen over korreksjonar i rammetilskotet).

I tillegg til trekkordninga blir det gjort ei omfordeling mellom kommunane (korreksjonsordninga), der innbyggjartilskotet blir fordelt om ut ifrå talet på elevar i statlege og private skular i kvar einskild kommune. I korreksjonsordninga får kommunane eit trekk i rammetilskotet for dei elevane dei har i statlege og private skular. I trekket er det nytta tal for elevar per 1. oktober 2020, og det er skilt mellom tre kategoriar:

- elevar som får vanleg undervisning
- elevar i spesialskular
- elevar med opphald/som er innlosjerte ved skulen.

Samla trekk blir ført tilbake til alle kommunar etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen (sjå tabell A-k).

Tabellen under viser trekksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2022. Trekksatsane ligg under gjennomsnittskostnaden per elev på landsbasis, fordi ein reknar med at den marginale innsparinga knytt til å ha ein elev mindre er lågare enn gjennomsnittskostnaden.

Trekksatsar for elevar i statlege og private skular 2022:

Kategori	Kroner per elev
Vanleg undervising	103 800
Spesialskular	329 100
Opphald/innlosjering ved skulen	347 700

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet og difor gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 400 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansieringa av sjølve ordninga.

Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i det totale rammetilskotet på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir det nytta innbyggjartal per 1. juli 2021. Endringar som blir omfatta av inntektsgarantiordninga er systemendringar, innlemming av øyremerkte tilskot, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i folketal og samansetning, samt endringar i kriteriedata. Endringar i skjønstilskot, saker med særskild fordeling, veksttilskot og regionsentertilskot inngår ikkje i ordninga. Endringar i skatteinntektene eller skatteutjamninga blir heller ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga. INGAR er innretta slik at ein kommune ikkje skal bli kompensert dobbelt for tap av inntekter gjennom ei kommunesamanslutning. Kompensasjonen blir gjeve gjennom inndelingstilskotet i tabell C og ikkje i INGAR.

Inntektsgarantiordninga for 2022 blir rekna ut med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane i revidert nasjonalbudsjett for 2021. Rammetilskotet blir korrigert for skjønstilskot i 2021, saker med særskild fordeling i 2021 (saker i tabell C-k), veksttilskot i 2021 og regionsentertilskot i 2021, og inngåande/utgåande fordeling av tilskot som blir innlemma i/trekt ut av inntektssystemet i 2022. Særskilde tilskot som er gitt pga. koronaepidemien i 2021 er også trekt ut. Rammetilskotet til kommunane i 2022 blir tilsvarende korrigert for skjønstilskot i 2022, saker med særskild fordeling i 2022, veksttilskotet i 2022 og regionsentertilskotet i 2022. Deretter blir korrigert vekst frå 2021 til 2022 rekna ut, på landsbasis og for kvar kommune. Frå 2021 til 2022 var korrigert vekst på landsbasis 1 028 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn 628 kroner per innbyggjar, får kommunen eit tillegg gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarende differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på 628 kroner per innbyggjar.

Ordninga blir finansiert gjennom eit likt trekk per innbyggjar for alle kommunar. Trekket er 48 kroner per innbyggjar i 2022.

Skatteutjamning


Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnader i skatteinntekter mellom kommunane.

Skatteutjamninga for kommunane omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak.

Skatteutjamninga er illustrert i figur 1. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet (kommune B) blir kompenserte for 60 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet (kommune A) blir trekte for 60 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skatteinntekter under 90 prosent av landssnittet (kommune C) blir i tillegg kompenserte for 35 prosent av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 prosent av landssnittet. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at kvar kommune blir trekt med eit likt beløp per innbyggjar.

Figur 1: Skatteutjamninga for kommunane



Skatteutjamninga for kvar kommune blir berekna fortløpande ti gonger i året, etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Trekk eller tillegg i skatteutjamninga blir rekna av mot utbetalinga av rammetilskot til kommunen. Endeleg fordeling av rammetilskotet til kommunane i 2022 vil ikkje vere klar før i februar 2023, når endelege skattetal for 2022 ligg føre. Oversikt over

skatteutjamninga er vist på Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine internettsider: www.regjeringen.no/kmd.

Kap. 571, post 61 Distriktstilskot Sør-Noreg

Distriktstilskot Sør-Noreg skal vareta kommunar i Sør-Noreg med ei svak samfunnsmessig utvikling. Tildelinga av distriktstilskot Sør-Noreg tek utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar for sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og -utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå.

Tilskotet blir tildelt kommunar i Sør-Noreg (utanom kommunane i Namdalen) som;

- har under 3 200 innbyggjarar eller ein distriktsindeks på 46 eller lågare
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggjar dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av gjennomsnittet i landet.

Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får eit tilskot per kommune. Satsane varierer etter kommunen sin verdi på distriktsindeksen. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot etter høgaste sats. Kommunar med ein høgare verdi på distriktsindeksen får tilskot etter lågare sats, slik at kommunar med distriktsindeks over 46 får halvparten av den høgaste satsen.

For kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire blir tilskotet gjeve med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot per kommune og per innbyggjar med høgaste sats. Kommunar med høgare verdi på indeksen får tilskot med høvesvis 80, 60, 40 og 20 prosent av den høgaste satsen. Satsane for 2022 er ei nominell vidareføring av satsane frå 2021.

Tilskotet blir rekna ut frå talet på innbyggjarar per 1. januar 2021. Departementet har nytta distriktsindeksen for 2017, som òg vart nytta i inntektssystemet for 2021. Distriktsindeks for nye kommunar er berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane. Departementet føreslår å tildele i overkant av 808 mill. kroner som distriktstilskot Sør-Noreg i 2022.

Satsar – distriktstilskot Sør-Noreg 2022:

	Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire		Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar
Indeks	Per kommune	Per innbyggjar	Sats per kommune (1 000 kroner)
	(1 000 kr)	(kroner)	
Indeks 0–35	1 307	1 183	6 034
Indeks 36–38	1 047	947	5 432
Indeks 39–41	785	710	4 827
Indeks 42–44	522	473	4 225
Indeks 45–46	262	237	3 620
Indeks over 46	0	0	3 017

Distriktstilskot Sør-Noreg blir vist i tabell 1-k, og grunnlaget for utrekninga er dokumentert nærare i tabell D-k.

Kap. 571, post 62 Distriktstilskot Nord-Noreg

Distriktstilskot Nord-Noreg er eit særskild regionalpolitisk verkemiddel. Tilskotet blir gjeve med eit kronebeløp per innbyggjar til alle kommunane i Nord-Noreg og Namdalen. Satsen er differensiert mellom kommunar i ulike fylker og geografiske områder. Den geografiske inndelinga av satsane som vart nytta ved fordelinga av tilskotet før regionreforma er vidareført etter 2021. Satsen for den einkilde kommune blir dimed ikkje påverka av samanslåinga av fylka Troms og Finnmark.

Småkommunetillegget til kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar i Nordland fylke, Namdalen i Trøndelag fylke og tidlegare Troms fylke (utanfor tiltakssona) blir gjeve etter dei same kriteria og satsane som distriktstilskot Sør-Noreg. Kommunar i tidlegare Finnmark fylke og kommunar i tiltakssona i tidlegare Troms fylke får småkommunetillegg etter ein høgare sats. Satsane for 2022 er ei nominell vidareføring av satsane i 2021.

Til grunn for utrekninga av distriktstilskot Nord-Noreg ligg talet på innbyggjarar per 1. januar 2021. Departementet nyttar den same distriktsindeksen i 2022 som i inntektssystemet for 2021. Distriktsindeks for nye kommunar er berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane. Departementet føreslår å fordele om lag 2,3 mrd. kroner gjennom distriktstilskot Nord-Noreg i 2022.

Til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen – satsar 2022:

Kommunar i:	Kroner per innbyggjar
Nordland og Namdalen	1 861
Troms utanfor tiltakssona	3 570
Tiltakssona i Troms	4 206
Finnmark	8 716

Småkommunetillegg til kommunar i Nord-Noreg og Namdalen – satsar 2022:

Indeks	Småkommunetillegg per kommune, kommunar utanfor tiltakssona (1 000 kr)	Småkommunetillegg per kommune, kommunar i tiltakssona (1 000 kr)
Indeks 0–35	6 034	13 068
Indeks 36–38	5 432	11 760
Indeks 39–41	4 827	10 455
Indeks 42–44	4 225	9 147
Indeks 45–46	3 620	7 841
Indeks over 46	3 017	6 534

Kap. 571, post 64 Skjønstilskot

Skjønstilskotet blir brukt til å kompensere kommunar for lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Departementet føreslår å setje skjønstilskotet for kommunane til 990 mill. kroner i 2022. Skjønstilskotet er sett saman av ei basisramme, departementet si tilbakehaldne skjønnsramme og tilskot til utviklings- og fornyingsprosjekt.

Basisramma er vidareført på same nivå som i 2021, 850 mill. kroner. Departementet fordeler basisramma i fylkesrammer til statsforvaltaren, medan statsforvaltaren fordeler den tildelte ramma vidare til kommunane i samband med utarbeidinga av statsbudsjettet. Fordelinga skjer etter retningslinjer gjevne av departementet. Statsforvaltaren skal halde tilbake minimum 5 prosent av skjønsmidlane til fordeling gjennom budsjettåret.

Innanfor skjønnsramma til kommunane føreslår departementet å halde tilbake 120 mill. kroner til ekstraordinære hendingar i løpet av budsjettåret. Vidare er 20 mill. kroner føreslått sette av til utviklings- og fornyingsprosjekt. Skjønsmidlar som er fordelte før budsjettåret er viste i tabell 1-k. Ein nærare omtale av skjønstilskotet er gjeve i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kap. 571, post 66 Veksttilskot

Veksttilskotet blir gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 prosent av landsgjennomsnittet dei siste tre åra (målt per innbyggjar).

Tilskotet er grunngjeve med at kommunar med høg folkevekst på kort og mellomlang sikt kan ha vanskar med å tilpasse tenestetilbodet til ei veksende befolkning. Det kan vere utfordrande å finansiere dei nødvendige investeringane utan at det verkar inn på tenestetilbodet.

Departementet føreslår å fordele 145,8 mill. kroner gjennom veksttilskotet i 2022. Veksttilskotet blir gjeve som eit fast beløp per nye innbyggjar ut over vekstgrensa. Satsen for 2022 er ei nominell vidareføring av satsen i 2021 på 62 252 kroner.

Tilskotet blir vist i tabell 1-k, og grunnlaget for utrekninga er nærare dokumentert i tabell D-k.

Kap. 571, post 67 Storbytilskot

Storbytilskotet blir fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til dei seks største byane; Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Drammen (per 1. januar 2021). Satsen per innbyggjar for 2022 er 393 kroner, og er ei nominell vidareføring frå 2021. Departementet foreslår ei samla løyving på post 67 Storbytilskot på 608,7 mill. kroner i 2022.

Kap. 571, post 65 Regionsentertilskot

Kommunar som har fatta eit nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden 2014–2017 (kommunereforma), og som etter samanslåinga får over om lag 8 000 innbyggjarar blir tildelte regionsentertilskot. Kommunar som mottok storbytilskot kan ikkje få regionsentertilskot. Tilskotet blir fordelt dels med ein sats per innbyggjar og dels med ein sats per kommune. I 2022 er satsen per samanslåing 3,344 mill. kroner, og satsen per innbyggjar er 70 kroner, som er ei nominell vidareføring. Ved berekning av tilskotet er det lagt til grunn innbyggjartal frå 1. januar 2021. Det blir foreslått å fordele i overkant av 203 mill. kroner i regionsentertilskot i 2022.

Kommunar som slår seg saman framover, og som får over om lag 8 000 innbyggjarar vil òg kvalifisere til å motta regionsentertilskot etter at det er gjort eit nasjonalt vedtak om samanslåing. Regionsentertilskotet blir berekna for den nye, samanslåtte kommunen, dels med ein sats per innbyggjar og dels med ein sats per samanslåing. Tilskotet blir utbetalt til kvar einskild kommune i samanslåinga ut ifrå kommunen sindel av innbyggjarane i den nye kommunen, fram til den nye kommunen er etablert.

Eksempel på utrekning av rammetilskot

- Kva får Nordland fylkeskommune i rammetilskot?

Vi viser her utrekninga av rammetilskotet til Nordland fylkeskommune. Eventuelle avvik mellom tala i tabellane og dei utrekningane som er viste her, har si årsak i avrundingar. I nokre høve kan det vere brukt fleire desimalar i utrekninga i eksempelet enn det som er vist i tabellen.

Skatteutjamninga blir berekna fortløpande gjennom budsjettåret, og inngår difor ikkje i dette eksempelet.

Nord-Noreg-tilskot

Nord-Noreg-tilskot blir berekna på grunnlag av ein sats per innbyggjar. Satsen blir differensiert mellom Nordland fylkeskommune og Troms og Finnmark fylkeskommune.

Til grunn for utrekninga av Nord-Noreg-tilskotet ligg talet på innbyggjarar per 1. januar 2021.

Nord-Noreg-tilskot til fylkeskommunar – satsar 2022:

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 298
Troms og Finnmark	1 646

Nordland fylkeskommune får tilskot etter ein sats på 1 298 kroner per innbyggjar. Dette gir eit tilskot på 311,968 mill. kroner (1 298 kroner * 240 345 innbyggjarar).

Nord-Noreg-tilskot for Nordland fylkeskommune = 311 968 000 kroner

Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning

Alle fylkeskommunar får innbyggjartilskot, som i utgangspunktet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. I 2022 er innbyggjartilskot før utgiftsutjamning 6 372 kroner per innbyggjar.

Innbyggjartilskotet er sum løyving på post 572.60, minus saker som er gjeve ei særskild fordeling (tabell C-fk, kolonne 13), dividert på sum innbyggjarar i landet. Innbyggjartal per 1. juli 2021 (tabell E-fk, kolonne 2) ligg til grunn for fordelinga av innbyggjartilskot.

Innbyggjartilskot eksklusiv utgiftsutjamning		
Innbyggjartilskot per innbyggjar	= Løyving på post 60, minus saker med særskild fordeling (tabell C-fk)	/ Innbyggjarar i landet
	= 38 990 254 000– (4 572 386 000)	/ 5 401 825
	= 34 417 868 000	/ 5 401 825
Innbyggjartilskot per innbyggjar	= 6 372 kroner	
<hr/>		
Berekna innbyggjartilskot for Nordland (tabell 2-fk, kolonne 1)	= Innbyggjartilskot per innbyggjar (kr)	* Innbyggjartal i Nordland
	= 6 372 kroner	1.7 2021
	= 1 532 326 000 kroner	* 240 496 innbyggjarar

Innbyggjartilskot før utgiftsutjamning for Nordland fylkeskommune
= 1 532 326 000 kroner

Innbyggjartilskotet blir deretter korrigert for skilnader i berekna utgiftsbehov mellom fylkeskommunane. Det samla berekna utgiftsbehovet på landsbasis er basert på fylkeskommunane sine netto driftsutgifter (minus avskrivningar) til dei tenestene som er omfatta av utgiftsutjamninga for fylkeskommunane. Gjennom utgiftsutjamninga får fylkeskommunar full kompensasjon/fullt trekk for avvik frå landsgjennomsnittleg utgiftsbehov.

Utgiftsbehovet til kvar fylkeskommune blir rekna ut ved å multiplisere indeks for berekna utgiftsbehov med landsgjennomsnittleg utgiftsbehov. Indeksen er eit vekta gjennomsnitt av fylkeskommunen sin del av dei ulike kriteria i kostnadsnøkkelen, slik som fylkeskommunen sin del av innbyggjarar 1–18 år, innbyggjarar 16–18 år osv. (jf. tabell D-fk). Indeksen for berekna utgiftsbehov er summen av indeksverdien til fylkeskommunen på dei ulike kriteria multiplisert med dei ulike kriteria si vekt i samla kostnadsnøkkel.

Vektinga for det einskilde kriterium i kostnadsnøkkelen seier noko om kor stor del av det berekna utgiftsbehovet som er knytt til det bestemte kriteriet. Kriteriet innbyggjarar 16–18 år har ei vekt på 0,4002. Det inneber at 40,02 prosent av samla berekna utgiftsbehov på landsbasis er knytt til dette kriteriet.

For Nordland fylkeskommune blir indeksen for berekna utgiftsbehov rekna ut slik:

Kriterium	Vekt	*	Indeks kriterium	=	
1 Innbyggjarar 1–18 år	0,0323	*	0,9423	=	0,0304
2 Innbyggjarar 16–18 år	0,4002	*	1,0013	=	0,4007
3 Innbyggjarar 19–20 år	0,0036	*	0,9845	=	0,0035
4 Innbyggjarar 67 år og over	0,0051	*	1,1938	=	0,0061
5 Innbyggjarar i alt	0,0232	*	1,0000	=	0,0232
6 Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over	0,0011	*	1,2371	=	0,0014
7 Søkjarar til utdanningsprogram med høg kostnad	0,0930	*	1,1981	=	0,1114
8 Søkjarar til læreplass	0,0154	*	1,2624	=	0,0194
9 Reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar	0,0172	*	2,6726	=	0,0460
10 Innbyggjarar busett spreidd	0,0207	*	1,6341	=	0,0338
11 Sysselsette etter arbeidsstad, skalert (ut over 29 prosent)	0,1442	*	0,9278	=	0,1338
12 Normerte ferjekostnader	0,0452	*	5,5455	=	0,2507
13 Lengde kystlinje	0,0121	*	5,8171	=	0,0704
14 Normerte båtkostnader	0,0121	*	5,1109	=	0,0618
15 Vedlikehaldsbehov fylkesveg	0,1746	*	1,8393	=	0,3211
Indeks for berekna utgiftsbehov	1,0000				1,5138

Indeks for berekna utgiftsbehov seier noko om kor tung eller lett ein fylkeskommune er å drive, samanlikna med landsgjennomsnittet. Ein fylkeskommune som ligg på landsgjennomsnittet vil ha indeksverdien 1,0000. Nordland sin verdi på indeksen er 1,5138, noko som inneber at Nordland er rekna for å vere 51,38 prosent tyngre å drive enn landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamninga inneber at det blir gjeve full kompensasjon for avvik frå gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov. Viss fylkeskommunen har eit høgare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (tungdriven fylkeskommune), blir det justert for dette gjennom eit tillegg i innbyggjartilskotet til fylkeskommunen. Alternativt får ein fylkeskommune med lågare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (lett driven fylkeskommune) eit trekk i innbyggjartilskotet.

Nordland er 51,38 prosent tyngre å drive enn landsgjennomsnittet og vil difor få eit høgare innbyggjartilskot enn landsgjennomsnittet.

Omfordelinga i utgiftsutjamninga for Nordland fylkeskommune blir rekna ut slik:

Utgiftsbehov per innbyggjar i Nordland fylkeskommune			
Indeks for berekna utgiftsbehov (tabell A-fk, kolonne 1)	*	Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i landet (tabell A-fk, kolonne 2)	= Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i Nordland fylkeskommune (tabell A-fk, kolonne 3)
1,5138	*	12 507 kroner	= 18 933 kroner
Differanse frå landsgjennomsnittet			
Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i Nordland fylkeskommune		=	18 933 kroner
- Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar		=	12 507 kroner
= Differanse per innbyggjar		=	6 426 kroner
Utgiftsutjamning for Nordland fylkeskommune			
Tillegg i innbyggjartilskotet Nordland fylkeskommune (tabell A-fk, kolonne 5)		=	6 426 kroner * 240 496 innbyggjarar
		=	1 545 540 000 kroner

Tillegg i utgiftsutjamninga til Nordland fylkeskommune = 1 545 540 000 kroner

Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Somme fylkeskommunar har elevar i statlege og private skular. Desse elevane har ikkje fylkeskommunane utgifter til. Det er difor ei trekkordning for elevar i statlege og private skular i inntektssystemet. Trekkordninga fungerer slik at det blir trekt inn eit beløp frå kvar ein skild fylkeskommune for dei elevane i vidaregåande skular fylkeskommunen ikkje yter tenester til. Det totale beløpet som er trekt inn på landsbasis blir så fordelt ut igjen til alle fylkeskommunar etter fylkeskommunane sin del av det berekna utgiftsbehovet (kostnadsnøkkelen).

Korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular er difor ei ordning som fordelar om midlar mellom fylkeskommunar. Utrekninga av ordninga er vist i tabell A-fk, kolonnane 6-8.

Trekket i trekkordninga for elevar i statlege og private skular for Nordland fylkeskommune (gjennomsnittleg elevtal per 1.10.2020 og 1.4.2021):

Kategori	Sats	Elevar i statlege og private skular i Nordland	Sum trekk for Nordland
Vanleg undervisning	119 000 kroner	261,9	31 169 670 kroner
Skular med naturbruk	145 000 kroner	79,4	11 517 350 kroner
Spesialskular	329 100 kroner	0,5	164 550 kroner
Opphald/innlosjering ved skulen	347 700 kroner	0	0 kroner
Totalt trekk for Nordland =			42 852 000 kroner

Nordland har fleire elevar i statlege og private skular, og får difor 42 582 000 kroner i trekk i trekkordninga for statlege og private skular.

Det totale trekket på landsbasis, 1 917 087 000 kroner, blir deretter fordelt ut igjen til fylkeskommunane etter kostnadsnøkkelen. For Nordland blir det tilbakeførte beløpet rekna ut slik:

Totalt trekk på landsbasis	*	Kommunen sin del av berekna utgiftsbehov (tabell D-fk, kolonne 18) / 1000	=	Tilbakeført beløp
1 917 087 000 kroner	*	67,3976 / 1000	=	129 207 000 kroner

Det gjev for Nordland fylkeskommune:

Trekk for elevar i statlege og private skular (tabell A-fk, kolonne 6)	- 42 852 000 kroner
+ Tilbakeført beløp etter kostnadsnøkkelen (tabell A-fk, kolonne 7)	129 207 000 kroner
= Omfordeling statlege og private skular (tabell A-fk, kolonne 8)	86 356 000 kroner

Korreksjon for elevar i statlege og private skular for Nordland fylkeskommune = 86 356 000 kroner

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning og korreksjon for elevar i statlege og private skular gjev følgjande oppstilling for Nordland fylkeskommune:

Innbyggjartilskot før utgiftsutjamning m.m. (tabell 2-fk, kolonne 1)	1 532 326 000 kroner
+ Utgiftsutjamning (tabell A-fk, kolonne 5)	1 545 540 000 kroner
+ Korreksjon for elevar i statlege og private skular (tabell A-fk, kolonne 8)	86 356 000 kroner
= Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning m.m.	3 164 222 000 kroner

Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular for Nordland fylkeskommune = 3 164 222 000 kroner

Saker med særskild fordeling

Ein del av innbyggjartilskotet blir halde utanfor fordelinga etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, og blir gjeve ei særskild fordeling. Desse sakane er omtalt i tabell C-fk. Saker med særskild fordeling for Nordland fylkeskommune:

Einskildsaker	Heile kroner
Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	229 755 000
Kompensasjon forskrift om tunnelsikkerheit	115 063 000
Ras- og skredsikring fylkesveg	65 727 000
Ferjeavløysing	14 380 000
Ikkje-statlege lufthamner	0
Fiskerihamner	0
Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar	13 292 000
Distrikts- og regionalpolitiske tilskot	14 840 000
Forvaltning av tilskot på landbruksområdet	674 000
Tilskotsordninga Jobbsjansen del B	2 849 000
Tilskot til barnevern, Oslo	0
Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	0
Saker med særskild fordeling	456 581 000

Saker med særskild fordeling for Nordland fylkeskommune = 456 581 000 kroner

Overgangsordning

Overgangsordning, gradvis innfasing av nytt inntektssystem

Overgangsordninga sikrar at fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet i 2020 blir fasa gradvis inn over ein periode på fire år. Ordninga er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet, får att 1/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarende trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet. Utrekninga av overgangsordninga for Nordland fylkeskommune er vist i tabellen under.

Dei samla fordelingsverknadene av endringar i inntektssystemet er berekna som summen av fordelingsverknader av nytt inntektssystem, avvikling av tidlegare kompensasjonsordning og ny kompensasjon for endringar i inntektssystemet. Sjå Grønt hefte 2020, tabell B-fk, for utrekning av fordelingsverknad.

Beløpet på overgangsordninga er 1/4 av dei samla fordelingsverknadene. Det blir vist i tabell B-fk med motsett forteikn.

Overgangsordninga, gradvis innfasing av nytt inntektssystem, for Nordland fylkeskommune i 2022		
1/4 * 12 235 000 kroner	=	3 059 000 kroner (i 2020-kroner)
Overgangsordninga (tabell B-fk, kolonne 3)		- 3 220 000 kroner (i 2022-kroner)

Overgangsordning, gradvis innfasing av nye saker

Overgangsordninga sikrar at fordelingsverknadene av den nye båt- og ferjenøkkelen, den nye modellen for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg og innlemminga av midlar til vegadministrasjon blir fasa gradvis inn over ein periode på to år. Ordninga er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av dessa endringane, får att 1/2 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022, mens fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av endringane får eit tilsvarande trekk. Utrekninga av overgangsordninga for Nordland fylkeskommune er vist i tabellen under.

Beløpet på overgangsordninga er 1/2 av dei samla fordelingsverknadene. Det blir vist i tabell B-fk med motsett forteikn.

Overgangsordninga, gradvis innfasing av nye saker, for Nordland fylkeskommune i 2022		
Fordelingsverknad, ny båt- og ferjenøkkel		- 4 407 000 kroner
Fordelingsverknad, innlemming av vegadministrasjon		11 415 000 kroner
Fordelingsverknad, ny modell for vedlikehaldsbehov		95 000 kroner
Sum fordelingsverknad (tabell B-fk, kolonne 7)		7 103 000 kroner
1/2 * 7 103 000 kroner	=	3 552 000 kroner
Overgangsordninga (tabell B-fk, kolonne 9)		- 3 552 000 kroner

Summen av dei to overgangsordningane for Nordland fylkeskommune blir:

Overgangsordningar for Nordland fylkeskommune i 2022	
Overgangsordning, gradvis innfasing av nytt inntektssystem 2020	- 3 219 000 kroner
Overgangsordning, gradvis innfasing av nye saker i 2022	- 3 552 000 kroner
Samla overgangsordning 2022 (tabell B-fk, kolonne 10)	- 6 771 000 kroner

Samla overgangsordning for Nordland fylkeskommune = - 6 771 000 kroner

Innbyggjartilskot inkludert overgangsordninga

Innbyggjartilskotet inkluderer utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular, saker med særskild fordeling og overgangsordningane. Innbyggjartilskotet er vist i tabell 2-fk. For Nordland fylkeskommune blir innbyggjartilskotet:

Innbyggjartilskot inkl. overgangsordningane	
Innbyggjartilskot med utgiftsutjamninga og omfordeling korreksjonsordninga	3 164 222 000 kroner
Overgangsordningane (tabell B-fk)	- 6 771 000 kroner
Saker med særskild fordeling (tabell C-fk)	456 581 000 kroner
Innbyggjartilskot i alt	3 614 032 000 kroner

Skjønstilskot

Skjønstilskotet blir brukt til å kompensere fylkeskommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp av utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Skjønsmidlane til fylkeskommunane er fordelte direkte frå departementet og er vist i tabell 1-fk, kolonne 3.

Skjønstilskot for Nordland fylkeskommune = 36 400 000 kroner

Totalt rammetilskot

Totalt rammetilskot er summen av innbyggjartilskotet (inkludert utgiftsutjamning o.a. og overgangsordninga), Nord-Noreg-tilskotet og skjønstilskot. Skatteutjamninga er ikkje berekna her.

Totalt rammetilskot for Nordland fylkeskommune, eksklusive skatteutjamning:

Tilskot	Heile kroner*
Innbyggjartilskot	3 614 032 000
Nord-Noreg-tilskot	311 968 000
Skjønstilskot	36 400 000
Totalt rammetilskot for Nordland fylkeskommune 2022 (tabell 1-fk, kolonne 4)	3 962 400 000

*I tabelldelen er beløpa runda av til heile 1 000 kroner

Sum rammetilskot for Nordland fylkeskommune 2022 = 3 962 400 000 kroner

I tabell 1-fk er dei ulike tilskota runda av til heile 1 000 kroner, og samla rammetilskot for Nordland fylkeskommune er difor vist som 3 962 400 000 kroner.

Eksempel på utrekning av rammetilskot – kommune

– Kva får Rendalen kommune i rammetilskot?

Vi viser her utrekninga av rammetilskotet til Rendalen kommune (kommunennummer 3424). Eventuelle avvik mellom tala i tabellane og dei utrekningane som er viste her, har si årsak i avrundingar. I nokre høve kan det vere brukt fleire desimalar i utrekninga i eksempelet enn det som er vist i tabellen.

Skatteutjamninga blir berekna fortløpande gjennom budsjettåret, og inngår difor ikkje i dette eksempelet.

Distriktstilskot Sør-Noreg

Tilskotet går til kommunar i Sør-Noreg (utanom kommunar i Namdalen) som har færre enn 3 200 innbyggjarar eller ein distriktsindeks mellom 0 og 46, har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet (målt per innbyggjar), og som ikkje får distriktstilskot Nord-Noreg. Satsane i 2022 er:

Indeks	Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire		Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar
	Per kommune (1 000 kr)	Per innbyggjar (kr)	Sats per kommune (1 000 kroner)
Indeks 0–35	1 307	1 183	6 034
Indeks 36–38	1 047	947	5 432
Indeks 39–41	785	710	4 827
Indeks 42–44	522	473	4 225
Indeks 45–46	262	237	3 620
Indeks over 46	0	0	3 017

Rendalen kommune har ein distriktsindeks på 15 og innbyggjartalet er 1 741 pr. 1.1.2021. Gjennomsnittleg skatteprosent 2017–2019 er 75. Rendalen kommune oppfyller difor vilkåra for distriktstilskot Sør-Noreg for kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar og med indeks under 35.

Distriktstilskot Sør-Noreg for Rendalen kommune = 6 034 000 kroner.

Distriktstilskot Nord-Noreg

Distriktstilskot Nord-Noreg blir dels berekna på grunnlag av ein sats per innbyggjar. Satsen blir differensiert mellom ulike geografiske område. Kommunane i Namdalen får tilskot etter same sats som Nordland. Dei sju kommunane i tiltakszona i Nord-Troms får tilskot etter høgare sats enn resten av kommunane i Troms. Kommunane i Finnmark får høgast sats.

Til grunn for utrekninga av distriktstilskot Nord-Noreg ligg talet på innbyggjarar per 1. januar 2021.

Til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen – satsar 2022:

Kommunar i:	Kroner per innbyggjar
Nordland og Namdalen	1 861
Troms utanfor tiltakssona	3 570
Tiltakssona i Troms	4 206
Finnmark	8 716

Småkommunetillegget til kommunar i Nord-Noreg blir gjeve til kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar og skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet. Tillegget blir gjeve etter dei same satsane som i distriktstilskot Sør-Noreg, men kommunar i Finnmark og tiltakssona i Nord-Troms får småkommunetillegg etter ein høgare sats.

Småkommunetillegg til kommunar i Nord-Noreg og Namdalen – satsar 2022:

Indeks	Småkommunetillegg per kommune, kommunar utanfor tiltakssona (1 000 kr)	Småkommunetillegg per kommune, kommunar i tiltakssona (1 000 kr)
Indeks 0 – 35	6 034	13 068
Indeks 36 – 38	5 432	11 760
Indeks 39 – 41	4 827	10 455
Indeks 42 – 44	4 225	9 147
Indeks 45 – 46	3 620	7 841
Indeks over 46	3 017	6 534

Rendalen kommune ligg i Innlandet og oppfyller difor ikkje vilkåra for distriktstilskot Nord-Noreg.

Distriktstilskot Nord-Noreg for Rendalen kommune = 0 kroner

Regionsentertilskot

Regionsentertilskotet går til kommunar der det er fatta eit nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden 2014–2017 (kommunereforma), og som etter samanslåing får over om lag 8 000 innbyggjarar. Kommunar som mottok storbytilskot kan ikkje motta regionsentertilskot.

Tilskotet blir fordelt dels med ein sats per innbyggjar og dels med ein sats per samanslåing. I 2022 er satsane 3,344 mill. kroner per samanslåing og 70 kroner per innbyggjar.

Rendalen kommune oppfyller ikkje vilkåra for regionsentertilskot.

Regionsentertilskot for Rendalen kommune = 0 kroner

Veksttilskot

Veksttilskotet er ein kompensasjon til kommunar med særleg høg befolkningsvekst.

Veksttilskotet blir gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 prosent av landsgjennomsnittet dei siste tre åra (målt per innbyggjar).

Veksttilskotet blir gjeve som eit fast beløp, 62 252 kroner, per nye innbyggjar ut over vekstgrensa (tabell D-k, kolonne 11–14).

Rendalen kommune har skatteinntekter per innbyggjar på 75 prosent av landsgjennomsnittet, og har i perioden 2018–2021 hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på -1,6 prosent.

Rendalen kommune kvalifiserer difor ikkje til veksttilskot i 2022.

Veksttilskot for Rendalen kommune = 0 kroner

Storbytilskot

Storbytilskotet er eit tilskot til byane Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Drammen. Tilskotet blir fordelt med eit likt beløp per innbyggjar, og satsen i 2022 er på 393 kroner per innbyggjar.

Rendalen kommune kvalifiserer ikkje for storbytilskotet.

Storbytilskot for Rendalen kommune = 0 kroner

Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning

Alle kommunar får innbyggjartilskot, som i utgangspunktet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. I 2022 er innbyggjartilskot før utgiftsutjamning 26 134 kroner per innbyggjar.

Innbyggjartilskotet er sum løyving på post 571.60, minus saker som er gjeve ei særskild fordeling (tabell C-k, kolonne 9), dividert på sum innbyggjarar i landet. Innbyggjartal per 1. juli 2021 (tabell F-k, kolonne 2) ligg til grunn for fordelinga av innbyggjartilskot.

Innbyggjartilskot eksklusiv utgiftsutjamning		
Innbyggjartilskot per innbyggjar	= Løyving på post 60, minus saker med særskild fordeling (tabell C-k)	/ Innbyggjarar i landet
	= 144 268 487 000– (3 099 781 000)	/ 5 401 825
	= 141 168 706	/ 5 401 825
Innbyggjartilskot per innbyggjar	= 26 134 kroner	
Berekena innbyggjartilskot for Rendalen (tabell 2-k, kolonne 1)	= Innbyggjartilskot per innbyggjar (kr)	* Innbyggjartal i rendalen 1.7.2021
	= 26 134 kroner	* 1 739 innbyggjarar
	= <u>45 446 000</u> kroner	

Innbyggjartilskot før utgiftsutjamning for Rendalen kommune = 45 446 000 kroner

Innbyggjartilskotet blir deretter korrigert for skilnader i berekna utgiftsbehov mellom kommunane. Det samla berekna utgiftsbehovet på landsbasis er basert på kommunane sine netto driftsutgifter (minus avskrivningar) til dei tenestene som er omfatta av utgiftsutjamninga for kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga får kommunar full kompensasjon/fullt trekk for avvik frå landsgjennomsnittleg utgiftsbehov.

Utgiftsbehovet til kvar kommune blir rekna ut ved å multiplisere indeks for berekna utgiftsbehov med landsgjennomsnittleg utgiftsbehov. Indeksen er eit vekta gjennomsnitt av kommunen sin del av dei ulike kriteria i kostnadsnøkkelen, slik som kommunen sin del av innbyggjarar 6–15 år, innbyggjarar 67–79 år osv. (jf. tabell E-k). Indeksen for berekna utgiftsbehov er summen av indeksverdien til kommunen på dei ulike kriteria multiplisert med dei ulike kriteria si vekt i samla kostnadsnøkkel.

Vektinga for det einskilde kriterium i kostnadsnøkkelen seier noko om kor stor del av det berekna utgiftsbehovet som er knytt til det bestemte kriteriet. Kriteriet innbyggjarar 6–15 år har ei vekt på 0,2632. Det inneber at 26,32 prosent av samla berekna utgiftsbehov på landsbasis er knytt til dette kriteriet.

For Rendalen kommune blir indeksen for berekna utgiftsbehov rekna ut slik:

Kriterium	Vekt	*	Indeks kriterium	
1 Innbyggjarar 0–1 år	0,0057	*	0,4566	= 0,0026
2 Innbyggjarar 2–5 år	0,1355	*	0,6810	= 0,0923
3 Innbyggjarar 6–15 år	0,2632	*	0,7669	= 0,2019
4 Innbyggjarar 16–22 år	0,0236	*	0,8602	= 0,0203
5 Innbyggjarar 23–66 år	0,1051	*	0,8840	= 0,0929
6 Innbyggjarar 67–79 år	0,0570	*	1,8784	= 0,1071
7 Innbyggjarar 80–89 år	0,0775	*	1,5846	= 0,1228
8 Innbyggjarar 90 år og over	0,0389	*	1,9812	= 0,0771
9 Gradert basiskriterium	0,0159	*	11,3109	= 0,1798
10 Reiseavstand innan sone	0,0100	*	3,4214	= 0,0342
11 Reiseavstand til nabokrets	0,0100	*	3,4795	= 0,0348
12 Landbrukskriterium	0,0021	*	7,8407	= 0,0165
13 Innvandrarar 6–15 år, ekskl. Skandinavia	0,0070	*	1,2555	= 0,0088
14 Personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over	0,0491	*		= 0,0612
			1,2463	
15 Ikkje-gifte 67 år og over	0,0459	*	1,9732	= 0,0906
16 Dødelegheitskriterium	0,0459	*	1,2281	= 0,0564
17 Uføre 18–49 år	0,0063	*	0,8589	= 0,0054
18 Flyktingar utan integreringstilskot	0,0082	*	0,4175	= 0,0034
19 Opphopingsindeks	0,0093	*	0,7190	= 0,0067
20 Aleinebuande	0,0189	*	1,3354	= 0,0252
21 Barn 0–15 år med einsleg forsørgjar	0,0186	*	1,2596	= 0,0234
22 Låginntektskriteriet	0,0117	*	1,0066	= 0,0118
23 Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0165	*	0,4758	= 0,0079
24 Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0181	*	0,6207	= 0,0112
Indeks for berekna utgiftsbehov	1,0000			1,2942

Indeks for berekna utgiftsbehov seier noko om kor tung eller lett ein kommune er å drive, samanlikna med landsgjennomsnittet. Ein kommune som ligg på landsgjennomsnittet vil ha indeksverdien 1,00. Rendalen sin verdi på indeksen er 1,2942, noko som inneber at Rendalen er rekna for å vere 29,42 prosent tyngre å drive enn landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamninga inneber at det blir gjeve full kompensasjon for avvik frå gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov. Viss kommunen har eit høgare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (tungdriven kommune), blir det justert for dette gjennom eit tillegg i innbyggjartilskotet til kommunen. Alternativt får ein kommune med lågare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (lett driven kommune) eit trekk i innbyggjartilskotet.

Rendalen er 29,42 prosent lettare å drive enn landsgjennomsnittet og vil difor få eit høgare innbyggjartilskot enn landsgjennomsnittet.

Omfordelings i utgiftsutjamninga for Rendalen kommune blir rekna ut slik:

Utgiftsbehov per innbyggjar i Rendalen kommune			
Indeks for berekna utgiftsbehov (tabell A-k, kolonne 1)	*	Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i landet (tabell A-k, kolonne 2)	= Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i Rendalen kommune (tabell A-k, kolonne 3)
1,2942	*	59 073 kroner	= 76 450 kroner

Differanse frå landsgjennomsnittet		
Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i Rendalen kommune	=	76 450 kroner
- Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar	=	59 073 kroner
= Differanse per innbyggjar	=	17 378 kroner

Utgiftsutjamning for Rendalen kommune		
Tillegg i innbyggjartilskotet Rendalen kommune (tabell A-k, kolonne 5)	=	17 378 kroner * 1 739 innbyggjarar
	=	30 220 000 kroner

Tillegg i utgiftsutjamninga frå Rendalen kommune = 30 220 000 kroner

Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Somme kommunar har elevar i statlege og private grunnskular. Desse elevane har ikkje kommunane utgifter til. Det er difor ei trekkordning for elevar i statlege og private skular i inntektssystemet. Trekkordninga fungerer slik at det blir trekt inn eit beløp frå kvar einiskild kommune for dei elevane kommunen ikkje yter grunnskuletenester til. Det totale beløpet som er trekt inn på landsbasis blir så fordelt ut igjen til alle kommunar etter kommunane sin del av det berekna utgiftsbehovet (kostnadsnøkkelen). Korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular er difor ei ordning som fordelar om midlar mellom kommunar. Utrekninga av ordninga er vist i tabell A-k, kolonnane 6-8.

Trekket i trekkordninga for elevar i statlege og private skular for Rendalen kommune:

Kategori	Sats	Elevar i statlege og private skular i Rendalen kommune	Sum trekk for Rendalen kommune
Vanleg undervisning	103 800 kroner	0	0 kroner
Spesialskular	329 100 kroner	0	0 kroner
Skular med opphald	347 700 kroner	0	0 kroner
Totalt trekk for Rendalen kommune =			0 kroner

Rendalen har 0 elevar i vanleg undervisning i statlege og private skular, og får difor ikkje trekk i trekkordninga for statlege og private skular.

Det totale trekket på landsbasis blir deretter fordelt ut igjen til kommunane etter kostnadsnøkkelen. For Rendalen blir det tilbakeførte beløpet rekna ut slik:

Totalt trekk på landsbasis	*	Kommunen sin del av berekna utgiftsbehov (tabell E-k, kolonne 27) / 1000	=	Tilbakeført beløp
2 815 466 100 kroner	*	0,4166/ 1000	=	1 173 000 kroner

Det gjev for Rendalen kommune:

Trekk for elevar i statlege og private skular (tabell A-k, kolonne 6)	0 kroner
+ Tilbakeført beløp etter kostnadsnøkkelen (tabell A-k, kolonne 7)	1 173 000 kroner
= Omfordeling statlege og private skular (tabell A-k, kolonne 8)	1 173 000 kroner

Korreksjon for elevar i statlege og private skular for Rendalen kommune = 1 173 000 kroner

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning og korreksjon for elevar i statlege og private skular gjev følgjande oppstilling for Rendalen kommune:

Innbyggjartilskot før utgiftsutjamning m.m. (tabell 2-k, kolonne 1)	45 446 000 kroner
+ Utgiftsutjamning (tabell A-k, kolonne 5)	30 220 000 kroner
+ Korreksjon for elevar i statlege og private skular (tabell A-k, kolonne 8)	1 173 000 kroner
= Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning m.m.	76 839 000 kroner

Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular for Rendalen kommune = 76 839 000 kroner

Saker med særskild fordeling

Ein del av innbyggjartilskotet blir halde utanfor fordelinga etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, og blir gjeve ei særskild fordeling. Desse sakane er omtalt i tabell C-k. Saker med særskild fordeling for Rendalen kommune:

Einskildsaker	Heile kroner
Inndelingstilskot	0
Trekk Nannestad og Ullensaker	0
Helsestasjons- og skulehelseteneste	226 000
Korreksjon, barnevern Oslo kommune	0
Forsøk med ny oppgave- og ansvarsdeling i barnevernet	0
Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt	0
Differensiert arbeidsgjevaravgift, endringar	0
Kompensasjon ansvarsovertaking barnevernet	19 000
Saker med særskild fordeling	245 000

Saker med særskild fordeling for Rendalen kommune = 245 000 kroner

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Inntektsgarantiordninga er ei ordning som skal skjerme kommunar mot plutselig svikt i rammetilskotet frå eit år til det neste. Ordninga er utforma slik at ingen kommune skal ha ein vekst i berekna rammetilskot frå eit år til det neste som er lågare enn 400 kroner under berekna vekst på landsbasis, i kroner per innbyggjar. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar i alle kommunar. Endringar i skatteinntektene eller skatteutjamninga er ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga. Veksttilskot, skjønstilskot og saker med særskild fordeling inngår heller ikkje i inntektsgarantiordninga. Utrekninga av INGAR er vist i tabell B-k.

Utrekninga av inntektsgarantiordninga for Rendalen kommune er vist i tabellane under.

	Korrigert rammetilskot 2021 (1000 kr) (tabell B-k, kol. 12)	Korrigert rammetilskot 2022 (1000 kr) (tabell B-k, kol. 19)	Absolutt korrigert vekst 2021-2022 (1000 kr) (tabell B-k, kol. 20)	Absolutt korrigert vekst 2021-2022 (kr pr. innb.) (tabell B-k, kol. 21)
Heile landet	140 720 524	146 271 597	5 551 073	1 028
Rendalen	82 530	82 873	343	197
Avvik i forhold til vekst på landsbasis for Rendalen kommune:				830

Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn 628 kroner per innbyggjar blir kompenserte opp til denne vekstgrensa. Rendalen har ein vekst på - 197 kroner per innbyggjar, som er 830 kroner lågare enn berekna vekst på landsbasis. Rendalen kommune kvalifiserer difor til å få tilskot gjennom inntektsgarantiordninga.

Alle kommunar er med på å finansiere INGAR, og får eit trekk på eit likt beløp per innbyggjar gjennom innbyggjartilskotet. For 2022 er trekket 48,24 kroner per innbyggjar.

Inntektsgarantiordning til Rendalen kommune	
INGAR per innbyggjar = (628 – 197)	430 kroner
Finansiering per innbyggjar	-48 kroner
INGAR inkl. finansiering per innbyggjar	382 kroner
INGAR inkl. finansiering = 1 739 innbyggjarar * 382 kroner =	664 291 kroner

Inntektsgarantiordning for Rendalen kommune = 664 000 kroner

Innbyggjartilskot inkludert INGAR

Innbyggjartilskotet inkluderer utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular, saker med særskild fordeling og inntektsgarantiordninga. Innbyggjartilskotet er vist i tabell 2-k. For Rendalen kommune blir innbyggjartilskotet:

Innbyggjartilskot inkl. INGAR	
Innbyggjartilskot med utgiftsutjamninga og omfordeling korreksjonsordninga	76 839 000 kroner
Inntektsgarantiordninga (tabell B-k)	664 000 kroner
Saker med særskild fordeling (tabell C-k)	245 000 kroner
Innbyggjartilskot i alt	77 748 000 kroner

Skjønstilskot

Skjønstilskotet blir brukt til å kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp av utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastset fylkesvise fordelingar, medan fylkesmannen fastset fordelinga til den ein skilde kommune. Skjønstilskot fordelt av fylkesmannen er vist i tabell 1-k, kolonne 7.

Skjønstilskot for Rendalen kommune = 0 kroner

Totalt rammetilskot

Totalt rammetilskot er summen av innbyggjartilskotet (inkludert utgiftsutjamning o.a. og inntektsgarantiordninga), distriktstilskot Nord-Noreg, distriktstilskot Sør-Noreg, veksttilskot, regionsentertilskot og skjønstilskot. Skatteutjamninga er ikkje berekna her.

Totalt rammetilskot for Rendalen kommune, eksklusive skatteutjamning:

Tilskot	Heile kroner*
Innbyggjartilskot	77 748 000
Distriktstilskot Sør-Noreg	6 034 000
Distriktstilskot Nord-Noreg	0
Regionsentertilskot	0
Veksttilskot	0
Storbytilskot	0
Skjønstilskot	0
Totalt rammetilskot for Rendalen kommune 2022 (tabell 1-k, kolonne 8)	83 782 000

**I tabelldelen er beløpa runda av til heile 1 000 kroner*

Sum rammetilskot for Rendalen kommune 2022 = 83 782 000 kroner

I tabell 1-k er dei ulike tilskota runda av til heile 1 000 kroner, og samla rammetilskot for Rendalen kommune er difor 83 782 000 kroner.

Tabellar for fylkeskommunane

Tabell 1-fk

Tabell 2-fk

Tabell 3-fk

Tabell A-fk

Tabell B-fk

Tabell C-fk

Tabell D-fk

Tabell E-fk

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2022

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572, post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2022*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamninga er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2021. Skatteutjamninga er òg ein del av rammetilskotet. Denne skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2022 og rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert som ein del av skatteutjamninga. Den endelege skatteutjamninga er ikkje klar før i februar 2023 og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Det endelege rammetilskotet blir difor klart først i februar 2023.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, tilskot med særskild fordeling og overgangsordninga for nytt inntektssystem i 2020 og nye saker i 2022. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som eit beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2021. Satsane er videreførte uendra frå 2021.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 298
Troms og Finnmark	1 646

Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser fordelinga av skjønstilskotet på 382 mill. kroner til fylkeskommunane for 2022. Departementet føreslår å fordele 332 mill. kroner i ei basisramme til fylkeskommunane, og å halde tilbake 50 mill. kroner innanfor skjønstilskotet til fylkeskommunane til ekstraordinære hendingar o.a. i løpet av budsjettåret (reservepott).

Departementet vurderer årleg storleiken på skjønstilskotet og fordelinga mellom fylkeskommunane. Ved fordeling av ramma for 2022 var det eit mål å jamne ut forskjellane mellom fylkeskommunane. Vidare tok departementet omsyn til fordelingsverknadene av innføringa av ein ny modell for å berekne fylkesvegkriteriet. Fylkeskommunar med den største reduksjonen per innbyggjar, som følgje av innføringa av den nye modellen, får eit eittårig moderat tillegg i skjønnsramma. Dette blir finansiert gjennom eit likt trekk per innbyggjar frå dei andre fylkeskommunane sine skjønnsrammer.

Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2022

Sum av kolonnane 1-3.

Tabell 1-fk: Rammetilskot til fylkeskommunane 2022

Fylke	1 Innbyggjar- tilskot (1 000 kr)	2 Nord- Noreg- tilskot (1 000 kr)	3 Skjøns- tilskot (1 000 kr)	4 Sum ramme- tilskot 2022 (1 000 kr)
30 Viken	5 511 218	0	18 800	5 530 018
03 Oslo	2 945 396	0	0	2 945 396
34 Innlandet	2 807 715	0	27 100	2 834 815
38 Vestfold og Telemark	2 470 228	0	30 000	2 500 228
42 Agder	2 203 407	0	19 200	2 222 607
11 Rogaland	3 115 126	0	18 700	3 133 826
46 Vestland	6 092 672	0	74 400	6 167 072
15 Møre og Romsdal	3 163 944	0	23 000	3 186 944
50 Trøndelag	3 696 250	0	38 000	3 734 250
18 Nordland	3 614 032	311 968	36 400	3 962 400
54 Troms og Finnmark	3 370 266	398 609	46 400	3 815 275
<i>Fordelast gjennom året</i>			<i>50 000</i>	<i>50 000</i>
Heile landet	38 990 254	710 577	382 000	40 082 831

Tabell 2-fk

Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2022 (kap. 572, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at saker med særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 13 i tabell C-fk). Deretter blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane gjennom utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga.

Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2023. Utgiftsutjamninga og skatteutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øymerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2022 er viste i innleiinga og er omtalt nærare i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2021. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2022.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i alt 38,990 mrd. kroner. Av dette blir om lag 4,6 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar 1. juli 2021 til alle fylkeskommunane. For 2022 er innbyggjartilskotet før omfordeling 6 372 kroner per innbyggjar (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C).

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærare i tabell A-fk.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser summen av dei 12 sakene med særskild fordeling i 2022. Fordelinga som kjem fram i kolonnen er nærare dokumentert i tabell C-fk.

Kolonne 4 – Overgangsordning

Kolonne 4 viser overgangsordninga. Fylkeskommunar som får redusert rammetilskotet som følge av endringane i inntektssystemet i 2020, får att 1/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Fylkeskommunar som får auka rammetilskot etter endringane, får ei tilsvarande trekk på 1/4 i 2022.

Vidare blir tre nye saker fasa inn gjennom to år: Den nye delkostnadsnøkkelen for båt og ferje, den nye modellen for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg, og innlemminga av midlar til vegadministrasjon i innbyggjartilskotet med ein fordeling etter vedlikehaldsbehov fylkesveg. Fylkeskommunar som får redusert rammetilskot som følge av desse endringane, får att 1/2 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Fylkeskommunar som får auka rammetilskot etter endringane, får redusert auken med 1/2 i 2022.

Frå 2023 vil nytt inntektssystem frå 2020 få full effekt. Fordelingsverknaden av dei tre nye sakene i overgangsordninga i 2022 vil òg vere fasa inn i 2023.

Sjå tabell B-fk for nærare dokumentasjon av overgangsordninga.

Kolonne 5 – Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning

Kolonne 5 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2021, i alt 38,990 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, sakene med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.

Tabell 2-fk: Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2022

Fylke	1 Innbyggjar- tilskot utan utgiftsutjamm. (1 000 kr)	2 Utgifts- utjammning m.m. (1 000 kr)	3 Saker med særskild fordeling (1 000 kr)	4 Overgangs- ordning (1 000 kr)	5 Innbyggjar- tilskot inkl. overgangs- ordning (1 000 kr)
30 Viken	8 032 780	-2 894 503	326 230	46 711	5 511 218
03 Oslo	4 435 270	-2 263 116	767 016	6 226	2 945 396
34 Innlandet	2 361 931	293 481	154 483	-2 180	2 807 715
38 Vestfold og Telemark	2 696 073	-501 229	250 221	25 163	2 470 228
42 Agder	1 972 038	-66 493	271 675	26 187	2 203 407
11 Rogaland	3 084 398	-71 080	160 965	-59 157	3 115 126
46 Vestland	4 072 055	972 522	1 044 000	4 095	6 092 672
15 Møre og Romsdal	1 690 347	1 045 463	432 368	-4 234	3 163 944
50 Trøndelag	3 000 887	494 626	173 435	27 301	3 696 250
18 Nordland	1 532 326	1 631 896	456 581	-6 771	3 614 032
54 Troms og Finnmark	1 539 762	1 358 433	535 412	-63 341	3 370 266
Heile landet	34 417 868	0	4 572 386	0	38 990 254

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2022 for fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2021 til 2022. Som frie inntekter reknar ein inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap for 2021. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren frå 2021 til 2022 er anslått til 2,5 prosent.

I skatteanslaget er anslaget for skatteutjamning inkludert. Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til når ein bereknar veksten i frie inntekter. Samla inntektsskatt for fylkeskommunane i 2021 og 2022 blir anslått av Finansdepartementet i statsbudsjettet for 2022. For å anslå skatteinntektene for kvar fylkeskommune, tek ein utgangspunkt i skatt per innbyggjar i fylkeskommunen i 2020 og skriv fram talet med innbyggjartalet i 2021. Ut ifrå skatt i 2020 framskriven med innbyggjartal for 2021, blir det rekna ut eit anslag for kvar fylkeskommune sin prosentdel av det samla skatteanslaget for 2021 og 2022. Dette trekkjer i retning av at fylkeskommunar som har høgare vekst i talet på innbyggjarar enn landsgjennomsnittet frå 2021 til 2022, òg får høgare vekst i skatteinntekta enn det som følgjer av føresetnadene for berekninga. Det motsette vil kunne vere tilfellet for fylkeskommunar med svakare vekst i talet på innbyggjarar enn gjennomsnittet for landet. Skatteutjamninga for 2022 tek utgangspunkt i innbyggjartalet per 1. januar 2021.

I berekninga av veksten i frie inntekter blir naturressursskatten halden på same nivå i 2021 og 2022. For begge åra blir det nytta tal for naturressursskatt frå inntektsåret 2019.

Rammetilskotet for 2021 er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2021. Rammetilskotet for 2022 er vist i tabell 1-fk.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir anslaget på frie inntekter for 2021 korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2022. Anslaget på frie inntekter for 2021 er òg korrigert for ekstraordinære løyvingar i samband med virusutbrotet. Desse løyvingane blir ikkje vidareførte i 2022. I 2022 er summen av korrigeringar for virusutbrotet og andre saker om lag -4,3 mrd. kroner i 2021-kroner. Korreksjonane er viste i innleiinga til Grønt hefte (i 2022-kroner).

Endringar i fordeling av saker med ei særskild fordeling (jf. tabell C-fk) er behandla som ei oppgåvekorrigering i utrekninga av vekstanslaget for kvar einskild fylkeskommune. For 2022 gjeld det distrikts- og regionalpolitiske tilskot, men òg fordeling av midlar til kompensasjon for reduserte ferjepriser, med særskilt fordeling i RNB 2021 og fordeling etter delkostnadsnøkkelen for båt og ferje i 2022. Ny fordeling av desse sakene påverkar ikkje det samla vekstanslaget for fylkeskommunane.

Veksten i frie inntekter frå 2021 til 2022 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2021 i Prop. 1 S for 2022. Skatteinntektene for fylkeskommunane i 2022 er anslått til 38,6 mrd. kroner. Inntektsveksten

frå 2021 til 2022, ut frå anslag på rekneskap, er nominelt anslått til 1,9 prosent. Anslaget omfattar ein auke i skatteanslaget for 2021 med 831 mill. kroner samanlikna med anslaget i revidert nasjonalbudsjett 2021.

Skjønstilskot som blir fordelt i løpet av året i 2021 og 2022 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune. For begge åra er det ufordelte skjønet (reservepotten) på 50 mill. kroner. Kompensasjon som blei gitt gjennom skjønstilskot som følgje av covid-19-pandemien på samla 3 881 mill. kroner i 2021, er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune.

Seks kommunar bytte fylke på tvers av dei nye fylkesgrensene frå 1. januar 2020. Sidan anslaget på naturressursskatt tek utgangspunkt i fordelinga av skatt før dei nye fylkesgrensene tredde i kraft, er det ved berekninga av skatteanslaget 2021 og 2022 korrigert for grensejusteringane med utgangspunkt i faktiske skattetal på naturressursskatten for 2019 for dei kommunane det gjeld.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2021

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2021. Rammetilskotet per fylkeskommune er henta frå revidert nasjonalbudsjett for 2021, mens skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2021 i Prop. 1 S (2021–2022). Kompensasjon som er gitt gjennom skjønstilskotet som følgje av covid-19-pandemien er inkludert i landssummen for 2021.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2021

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øymerkte tilskot. Det er òg korrigert for ekstraordinære løyvingar i samband med virusutbrotet. Desse løyvingane blir ikkje vidareførte i 2022. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane er omtalte nærare i innleiingsteksten til Grønt hefte og Prop. 1 S (2021–2022) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2022

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2022. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2022 i Prop. 1 S (2021–2022).

Kolonne 4 – Anslag på korrigert vekst frå 2021 til 2022

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2021 til 2022 for den einskilde fylkeskommune (kolonne 3 - kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigert vekst i prosent frå 2021 til 2022

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigert vekst frå anslag på rekneskap 2021 til 2022.

Tabell 3-fk: Anslag på frie inntekter i 2022 for fylkeskommunane

Fylke	1	2	3	4	5
	Anslag på frie inntekter 2021 (1 000 kr)	Anslag på oppgåve-korrigererte frie inntekter 2021 (1 000 kr)	Anslag på frie inntekter 2022 (1 000 kr)	Anslag på oppgåve-korrigert vekst 2021-2022 (1 000 kr)	Anslag vekst rekneskap 2021-2022 (prosent)
30 Viken	14 466 643	14 334 493	14 536 549	202 056	1,4
03 Oslo	7 930 928	7 862 437	8 111 988	249 552	3,2
34 Innlandet	5 453 275	5 409 394	5 435 414	26 020	0,5
38 Vestfold og Telemark	5 496 052	5 379 170	5 483 760	104 591	1,9
42 Agder	4 350 870	4 319 029	4 394 878	75 849	1,8
11 Rogaland	6 507 578	6 479 338	6 613 771	134 434	2,1
46 Vestland	10 511 676	10 505 343	10 729 616	224 273	2,1
15 Møre og Romsdal	4 918 244	4 925 626	5 068 971	143 345	2,9
50 Trøndelag	7 021 011	6 976 478	7 067 808	91 331	1,3
18 Nordland	5 547 158	5 559 945	5 661 972	102 026	1,8
54 Troms og Finnmark	5 370 839	5 403 201	5 528 103	124 902	2,3
<i>Fordelast gjennom året</i>	50 000	50 000	50 000		
<i>Kompensasjon koronatiltak</i>	3 881 000				
<i>Avrundingar</i>		41			
Heile landet	81 505 273	77 204 494	78 682 831	1 478 378	1,9

Tabell A-fk

Utgiftsutjamninga o.a. for fylkeskommunane 2022

Tabellen viser utgiftsutjamninga for fylkeskommunane. Utjamninga er ei omfordeling mellom fylkeskommunar som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2021.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekninga av indeksen for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov likt med landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 prosent høgare og 10 prosent lågare enn landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 16.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2022 er på landsbasis berekna til om lag 67,561 mrd. kroner. Dette utgjer 12 507 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov på landsbasis (kolonne 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 1) for kvar fylkeskommune og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4 og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1 000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kolonne 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2021 (tabell E-fk, kolonne 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Sjå innleiingsteksten i Grønt hefte for ein nærare gjennomgang av denne ordninga. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2020 og 1. april 2021 (tal frå Kunnskapsdepartementet). Elevtala ligg i tabell E-fk i kolonne 18–21.

Tabellen under viser trekkssatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2022.

Trekkssatsane per elev for 2022:	
Vanleg undervisning	119 000
Gartner- og landbruksskular	145 000
Spesialskular	329 100
Opphald/innlosjering ved skulen	347 700

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført tilbake til den einkilde fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordelinga for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.

Tabell A-fk: Utgiftsutjamning o.a. for fylkeskommunane 2022

Fylke	1	2	3	4	5	6	7	8	9
	Indeks berekna utg.behov	Gj.snittleg berekna utgiftsbehov (kr per innb.)	Berekna utg.behov (kr per innb.)	Omfordeling (kr per innb.)	Omfordeling (1 000 kr)	Trekk statl./priv. skular (1 000 kr)	Tilbakeføring samla trekk (1 000 kr)	Nto.verknad statl./priv. skuler (1 000 kr)	Sum utg.utjamning m.m. (1 000 kr)
30 Viken	0,8236	12 507	10 301	-2 206	-2 781 169	-481 845	368 511	-113 334	-2 894 503
03 Oslo	0,7450	12 507	9 318	-3 189	-2 220 215	-226 946	184 046	-42 901	-2 263 116
34 Innlandet	1,0501	12 507	13 133	626	232 159	-76 826	138 148	61 322	293 481
38 Vestfold og Telemark	0,8998	12 507	11 253	-1 254	-530 468	-105 880	135 120	29 239	-501 229
42 Agder	0,9777	12 507	12 228	-279	-86 384	-87 501	107 392	19 890	-66 493
11 Rogaland	0,9958	12 507	12 454	-53	-25 523	-216 635	171 078	-45 557	-71 080
46 Vestland	1,1354	12 507	14 200	1 693	1 082 183	-367 183	257 523	-109 661	972 522
15 Møre og Romsdal	1,2980	12 507	16 234	3 727	988 827	-65 576	122 212	56 636	1 045 463
50 Trøndelag	1,0835	12 507	13 551	1 044	491 699	-178 175	181 103	2 927	494 626
18 Nordland	1,5138	12 507	18 933	6 426	1 545 540	-42 852	129 207	86 356	1 631 896
54 Troms og Finnmark	1,4312	12 507	17 900	5 393	1 303 350	-67 667	122 749	55 082	1 358 433
Heile landet	1,0000	12 507	12 507	0	0	-1 917 087	1 917 087	0	0

Tabell B-fk

Overgangsordninga

I 2022 er overgangsordninga sett saman av overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020, og ei overgangsordning knytta til tre nye saker i 2022. Overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020 sikrar at fordelingsverknadene blir fasa gradvis inn over fire år, medan overgangsordninga for nye saker i 2022 sikrar at fordelingsverknader av den nye båt- og ferjenøkkelen, innlemminga av midlar til vegadministrasjon og den nye modellen for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg blir fasa gradvis inn over to år.

Overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020 er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2020, får att 1/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarande trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet.

Overgangsordninga for nye saker i 2022 er innretta slik at fylkeskommunar som samla sett får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av ny båt- og ferjenøkkel, innlemming av midlar til vegadministrasjon og ny modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg, får att 1/2 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022, medan fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av endringane får eit tilsvarande trekk.

Frå 2023 vil nytt inntektssystem frå 2020 få full effekt. Fordelingsverknaden av dei tre nye sakene i overgangsordninga i 2022 vil òg vere fasa inn i 2023.

Kolonne 1 – Samla fordelingsverknader av nytt inntektssystem 2020 inkl. kompensasjon (1 000 kr)

Kolonne 1 viser dei samla fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet som tredde i kraft i 2020, inkludert den ny fordelinga av kompensasjonen for endringar i inntektssystemet, i 2020-kroner. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut rammetilskotet med det førre inntektssystemet på fylkesinndelinga i 2019 (inkludert grensejusteringar som tredde i kraft 1. januar 2020). Rammetilskotet etter det førre systemet er så summert opp til den nye fylkesinndelinga og samanlikna med tilskotet berekna etter det nye systemet for dei nye fylkeskommunane. Sjå Grønt hefte 2020 for ei nærare forklaring.

Kolonne 2 – Samla fordelingsverknader av nytt inntektssystem 2020 inkl. kompensasjon (kr per innbyggjar)

Kolonne 2 viser dei samla fordelingsverknadene frå kolonne 1 i kroner per innbyggjar, i 2020-kroner.

Kolonne 3 – Overgangsordning 2022, gradvis innfasing av nytt inntektssystem 2020 (1 000 kr)

Kolonne 3 viser overgangsordninga for gradvis innfasing av nytt inntektssystem frå 2020 i 2022. Beløpet er 1/4 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 1, med motsett forteikn, prisjustert til 2022-kroner.

Kolonne 4 – Fordelingsverknad av ny båt- og ferjenøkkel (1 000 kr)

Frå og med 2022 blir ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje teken i bruk, sjå Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* for ei nærare forklaring. Kolonne 4 viser fordelingsverknaden ved ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut fordelinga basert på delkostnadsnøkkelen for båt og ferje som gjaldt til og med 2021. Fordelinga er så samanlikna med fordelinga berekna etter den nye delkostnadsnøkkelen.

Avvik frå overslag på fordelingsverknad vist i Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* kan i hovudsak forklarast med oppdaterte kriteriedata.

Kolonne 5 – Fordelingsverknad av innlemming av midlar til vegadministrasjon (1 000 kr)

Frå og med 2022 går midlar til vegadministrasjon over frå ei særskilt fordeling (tabell C) til fordeling etter ordinære kriterium, dvs. den delen av delkostnadsnøkkelen for fylkesveg som blir fordelt etter kriteriet "vedlikehaldsbehov fylkesveg", sjå Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* for ei nærare forklaring. Kolonne 5 viser fordelingsverknaden av innlemminga av midlar til vegadministrasjon. Fordelingsverknaden er berekna som differansen mellom fordelinga berekna etter vedlikehaldsbehov fylkesveg og den særskilde fordelinga frå tabell C i 2021 i 2022-kroner.

Kolonne 6 – Fordelingsverknad av ny modell for berekning av vedlikehaldsbehov (1 000 kr)

Frå og med 2022 blir det teke i bruk ein ny modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesvei i delkostnadsnøkkelen for fylkesveg, sjå Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* for ei nærare forklaring. Kolonne 6 viser fordelingsverknaden ved bruk av den nye modellen. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut fordelinga etter oppdaterte MOTIV-tal frå Statens vegvesen, som ble brukt for berekning av vedlikehaldsbehov tidligare. Fordelinga er så samanlikna med fordelinga berekna etter den nye modellen.

Kolonne 7 – Fordelingsverknad av nye saker i overgangsordninga (1 000 kr)

Kolonne 7 viser samla fordelingsverknad av ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje, innlemming av midlar til vegadministrasjon og ny modell for berekning av vedlikehaldsbehov, dvs. summen av kolonne 4–6.

Kolonne 8 – Fordelingsverknad av nye saker i overgangsordninga (kr per innbyggjar)

Kolonne 8 viser samla fordelingsverknadr av dei nye sakene frå kolonne 7 i kroner per innbyggjar.

Kolonne 9 – Overgangsordninga 2022, gradvis innfasing av nye saker 2022 (1 000 kr)

Kolonne 11 viser overgangsordninga for dei nye sakene i 2022, som skal fasast inn over to år. Beløpet er 1/2 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 7, med motsett forteikn.

Kolonne 10 – Samla overgangsordning 2022 (1 000 kr)

Kolonne 10 viser samla overgangsordning 2022, som er summen av kolonne 3 og 9. Beløpet blir også brukt i tabell 2-fk.

Tabell B-fk: Overgangsordning for fylkeskommunane 2022

Fylke	Samla fordelingsverknad nytt inntekts-system 2020, (1 000 kr)	Samla fordelingsverknad nytt inntekts-system 2020, (kr per innb.)	Overgangsordning 2022, nytt inntekts-system 2020 [(kol. 1) * 1/4], 2022-kr (1 000 kr)	4	5	6	7	8	9	10
30 Viken	-85 920	-70	22 612	5 145	-34 226	-19 118	-48 199	-38	24 099	46 711
03 Oslo	-47 719	-70	12 558	-5 859	19 041	-518	12 664	18	-6 332	6 226
34 Innlandet	-25 814	-70	6 794	-283	13 120	5 110	17 947	48	-8 973	-2 180
38 Vestfold og Telemark	-29 126	-70	7 665	3 818	-28 713	-10 100	-34 995	-83	17 498	25 163
42 Agder	-21 285	-70	5 602	-36 373	-7 387	2 589	-41 172	-133	20 586	26 187
11 Rogaland	114 010	239	-30 004	37 821	-13 982	34 469	58 307	120	-29 154	-59 157
46 Vestland	-20 883	-33	5 496	23 174	-10 239	-10 135	2 801	4	-1 401	4 095
15 Møre og Romsdal	35 089	132	-9 234	-3 048	5 726	-12 679	-10 001	-38	5 000	-4 234
50 Trøndelag	-32 464	-70	8 543	-34 901	21 084	-23 699	-37 516	-80	18 758	27 301
18 Nordland	12 235	51	-3 220	-4 407	11 415	95	7 103	30	-3 552	-6 771
54 Troms og Finnmark	101 878	418	-26 811	14 913	24 162	33 986	73 060	302	-36 530	-63 341
Heile landet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Tabell C-fk

Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2022

Følgjande saker ligg i tabell C i 2022*):

Kol.	Sak	Beløp i 1 000 kr
1	Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	1 619 832
2	Kompensasjon forskrift om tunnelsikkerheit	558 761
3	Ras- og skredsikring fylkesveg	838 269
4	Ferjeavløysing	112 617
5	Tilskot til ikkje-statlege lufthamner	48 447
6	Fiskerihamner	36 056
7	Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar	102 500
8	Distrikts- og regionalpolitiske tilskot	105 377
9	Forvaltning av tilskot på landbruksområdet	8 421
10	Tilskotsordninga Jobbsjansen del B	100 004
11	Tilskot til barnevern, Oslo	707 102
12	Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	335 000
13	Sum	4 572 386

*) Anslått pris- og kostnadsvekst i 2022 er 2,5 prosent.

Kolonne 1 – Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet

I saldert budsjett 2014 blei rammetilskotet til fylkeskommunane styrkt med 780 mill. kroner, som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet. Ordninga blei ført vidare og trappa opp med 200 mill. kroner i 2015, 160 mill. kroner i 2016, 100 mill. kroner i 2017 og 100 mill. kroner i 2019. 2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022. Midlane er som tidlegare fordelte mellom fylkeskommunane på grunnlag av ei kartlegging av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegar gjennomført av Statens vegvesen.

Kolonne 2 – Kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesvegar

Fylkeskommunane har sidan 2015 blitt kompenserte for meirutgifter ved forskrift om minimum tryggleikskrav til visse vegtunnelar for fylkesveg og kommunal veg i Oslo (tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesveg mv.). Midlane har blitt fordelte mellom fylkeskommunane på grunnlag av berekningar av behovet for kompensasjon, gjennomført av Statens vegvesen. Nye berekningar utført av Statens vegvesen i 2019 viste at kostnadene var undervurderte.

I Nasjonal transportplan 2022–2033 legg regjeringa opp til at fylkeskommunane skal bli kompenserte for meirkostnadane i løpet av planperioden, slik at tunnelane på fylkesvegnettet blir utbetra i samsvar med forskrifta. I tillegg til at samla beløp frå 2021 er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022, er kompensasjonen som følgje av dette trappa opp med 231 mill. kroner i 2022. Opptappinga er fordelt med same fylkesvise fordeling som tidlegare kompensasjon.

Kolonne 3 – Ras- og skredsikring

Tilskot til skredsikring av fylkesveg blei innlemma i rammetilskotet frå og med 2020. Statens vegvesen har laga eit tilskotprogram for skredsikring på fylkesvegnettet for perioden 2018–2023, basert på dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2018–2029. Midlane til skredsikring i 2020 blei fordelte mellom fylkeskommunane med utgangspunkt i den årlege gjennomsnittlege ramma i tilskotprogrammet.

2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022.

Kolonne 4 – Ferjeavløysing

Ferjeavløysingsmidlane er enten tilskot som er overført frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010, eller fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekt. Tilskotet til dei statlege prosjekta er likt det beløpet ei ferjeavløysingsordning for riksvegferjer ville ha gjeve i 2016. Tala kjem frå Samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet. Beløpet til Rogaland er justert ned som følgje av ei ekstra løyving i revidert nasjonalbudsjett 2021 til nedbetaling av bompengegjeld for Finnfast, og at vegprosjektet difor er betalt ned.

2022-beløpet for resten av ferjeavløysingsprosjekta er prisjustert med 2,5 prosent.

Kolonne 5 – Ikkje-statlege lufthamner

Tilskot til ikkje-statlege lufthamner blir overførte til fylkeskommunane som ein del av regionreforma. I 2020 blei 16,2 mill. kroner overførte til drift av Notodden lufthamn i Vestfold og Telemark fylkeskommune. I 2021 blei 30,6 mill. kroner overførte til drift av Stord lufthamn i Vestland fylkeskommune og Ørland lufthamn i Trøndelag fylkeskommune. 2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022.

Kolonne 6 – Fiskerihamner

Fiskerihamneanlegg som staten eig og forvaltar skal overførast til fylkeskommunane, og midlane til statlege fiskerihamner og tilskot til fiskerihamneanlegg skal overførast til rammetilskotet. I 2020 blei 34,3 mill. kroner overførte til rammetilskotet, og fordelt mellom Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark og Viken fylkeskommunar. Tilskotet blei fordelt mellom fylkeskommunane på grunnlag av ei vurdering av tidlegare tilskot, ramma i Nasjonal transportplan 2018–2029, vedlikehaldsetterslep og tal på fiskerihamner i kvart fylke.

2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022.

Det står att å inngå avtaler med Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag og Møre og Romsdal fylkeskommune. Midlane vil bli overført frå Samferdselsdepartementet til rammetilskotet til fylkeskommunane etter at avtaler om overføring av fiskerihamneanlegg er inngått.

Kolonne 7 – Null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar

For å gje fylkeskommunane større moglegheit til å prioritere låg- og nullutsleppsløysingar for ferjer og hurtigbåtar, blei 100 mill. kroner av veksten i frie inntekter til fylkeskommunane i 2021

fordelt særskilt til båt- og ferjefylka. 2/3 av beløpet blei fordelt etter talet på el-ferjer i 2020, mens 1/3 av beløpet blei fordelt etter ferjekriteriet i kostnadsnøkkelen.

2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022.

Kolonne 8 – Midlar til distrikts- og regionalpolitikk

Som ein del av regionreforma desentraliserte Kommunal- og moderniseringsdepartementet delar av dei regional- og distriktpolitiske tilskotsmidlane. Det inneber mellom anna at kapittel 550, post 64 *Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn* og kapittel 553, post 60 *Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse* blei innlemma i rammetilskotet for fylkeskommunane med ei særskild fordeling. Totalt blei 100,1 mill. kroner innlemma i rammetilskotet i 2020.

For å sikre vidareføring av den særeigne geografiske fordelinga av midlane, blei dei to postane innlemma med ei særskild fordeling. Fordelinga i 2020 var ei vidareføring av den samla fordelingsprofilen til midlane i 2019. I 2021 blei fordelinga oppdatert pga. ny distriktsindeks, men det blei laga ei overgangsordning. For 2022 er overgangsordninga for midlar til distrikts- og regionalpolitikk avvikla. For den delen av midlane som tidlegare var kapittel 553, post 60 blir fordelingsprofilen frå 2021 vidareført. Ved fordeling av midlane som tidlegare var kapittel 550, post 64 er det tatt utgangspunkt i dei 120 kommunane med dei største distriktsutfordringane, målt ved distriktsindeksen. Fylkeskommunane med kommunar med dei største distriktsutfordringane får det høgste beløpet per innbyggjar. 2022-beløpet er vidare justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022.

Kolonne 9 – Forvaltning av tilskot på landbruksområdet

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane overført ansvaret for forvaltning av tilskot til regionale tilretteleggingstiltak og utarbeiding av regionalt næringsprogram for landbruket, frå den dåverande fylkesmannen. Fordelinga mellom fylkeskommunane var basert på ressursbruken på oppgåvene i dei ulike fylkesmannsembeta.

2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022.

Kolonne 10 – Tilskotsordninga Jobbsjansen del B

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane overført tilskotsmidlane for ordninga Jobbsjansen del B. Fylkeskommunane har tidlegare hatt moglegheit til å søke om midlar gjennom ordninga. Ordninga skal bidra til at ungdommar med innvandrarbakgrunn som ikkje har opparbeidd seg eit godt nok fagleg grunnlag, til dømes tilstrekkelege norskkunnskapar, skal kunne få føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring.

2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022.

Kolonne 11 – Tilskot til barnevern, Oslo

I 2004 overtok staten det ansvaret fylkeskommunane tidlegare hadde for barnevernet. Oslo sitt ansvar for desse oppgåvene blei vidareførte. Tilskot til barnevern for Oslo er gjeve med ei særskild fordeling i tabell C. I 2015 blei det lagt inn midlar til kjøp av plassar frå ideelle sentre for foreldre og born. 2022-beløpet er justert med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2022. Beløpet er vidare oppjustert med anslått vekst i talet på 1–18-åringar i Oslo frå 2021 til 2022. Vidare er det lagt inn 0,75 mill. kroner i kompensasjon for auka lønnskostnadar som følgje av kompetansekrava som gjeld statleg barnevern.

Kolonne 12 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet

For å lette overgangen til nytt inntektssystem blei det innført ei ny kompensasjonsordning for endringane i inntektssystemet som trådte i kraft i 2020. Fordelinga av kompensasjonen på 335 mill. kroner tek utgangspunkt i dei samla fordelingsverknadene, inkludert avviklinga av den førre kompensasjonen for endringar i inntektssystemet, som blei innført i 2015. Som varsla i Prop. 113 S (2018–2019) *Kommuneproposisjonen 2020*, er kompensasjonen innretta slik at alle fylkeskommunar blir heva til det same minimumsnivået, målt i kroner per innbyggjar. Differansen mellom fordelingsverknadene og minimumsnivået blir kompensert fullt ut gjennom kompensasjonsordninga. Den nye kompensasjonen sikrar at ingen fylkeskommunar får ein reduksjon i rammetilskotet på meir enn 70 kroner per innbyggjar som følgje av fordelingsverknadene og avviklinga av den førre kompensasjonsordninga.

I 2022 er beløpet vidareført nominelt.

Kolonne 13 – Sum saker med særskild fordeling

Sum av kolonne 1–12. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.

Tabell C-flk: Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2022

Fylke	Opprusting og kompensasjon fornying av fylkesveg-nettet							
	1 (1 000 kr)	2 (1 000 kr)	3 (1 000 kr)	4 (1 000 kr)	5 (1 000 kr)	6 (1 000 kr)	7 (1 000 kr)	8 (1 000 kr)
30 Viken	166 666	11 737	12 964	0	0	1 198	55	8 916
03 Oslo	5 967	0	0	0	0	0	0	3 011
34 Innlandet	100 060	0	14 349	0	0	0	147	14 739
38 Vestfold og Telemark	116 200	6 504	31 161	0	17 078	1 100	0	7 749
42 Agder	118 546	7 436	6 637	0	2 305	3 724	233	6 386
11 Rogaland	71 012	37 914	28 114	0	0	5 059	3 232	5 842
46 Vestland	307 218	123 546	435 089	52 534	23 250	24 975	52 929	13 670
15 Møre og Romsdal	163 441	128 517	88 848	20 062	0	0	19 869	7 124
50 Trøndelag	111 796	27 433	0	0	5 814	0	7 377	8 132
18 Nordland	229 755	115 063	65 727	14 380	0	0	13 292	14 840
54 Troms og Finnmark	229 171	100 610	155 379	25 640	0	0	5 367	14 968
Heile landet	1 619 832	558 761	838 269	112 617	48 447	36 056	102 500	105 377

Tabell C-flk: Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2022

Fylke	Tilskot på landbruks-området	Tilskotsordninga Jobbsjansen del B	Tilskot til barnevern, Oslo	Kompensasjon for endringar i inntekts-systemet			Sum saker med særskild fordeling
	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)
	9	10	11	12	13		
30 Viken	1 347	25 788	0	97 557	326 230		
03 Oslo	0	22 449	707 102	28 487	767 016		
34 Innlandet	1 347	4 610	0	19 231	154 483		
38 Vestfold og Telemark	674	6 514	0	63 241	250 221		
42 Agder	589	4 798	0	121 020	271 675		
11 Rogaland	674	9 119	0	0	160 965		
46 Vestland	842	9 947	0	0	1 044 000		
15 Møre og Romsdal	589	3 917	0	0	432 368		
50 Trøndelag	1 011	6 409	0	5 464	173 435		
18 Nordland	674	2 849	0	0	456 581		
54 Troms og Finnmark	674	3 604	0	0	535 412		
Heile landet	8 421	100 004	707 102	335 000	4 572 386		

Tabell D-fk

Indeks for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane 2022

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 16) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den einkilde fylkeskommune sin del av landssummen for kvart kriterium. Så blir den einkilde fylkeskommune sin del av innbyggjartalet i landet berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet). Deretter blir indeks for kvart kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunen sin del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har ein indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 1–18 år har like stor del av 1–18-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for det same kriteriet har 10 prosent høgare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for det same kriteriet har 10 prosent lågare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{18} V_k * I_{ki}$$

V_k er kriterievekt for kriterium k , I_{ki} er indeks for kriterium k for fylkeskommune i . Den samla indeksen for berekna utgiftsbehov er då summen av indeksane for kvart kriterium der det einkilde kriterium er vekta med sin vekt i kostnadsnøkkelen.

Vekta for kvart kriterium i kostnadsnøkkelen er vist i tabellen på neste side.

Innbyggjarar 1–18 år har ei vekt på 0,0323 i den samla kostnadsnøkkelen. Det betyr at 3,23 prosent av det berekna utgiftsbehovet til fylkeskommunane, på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga, er knytt til talet på innbyggjarar 1–18 år.

Sjå innleiinga til Grønt hefte for ein meir utførleg omtale av korleis sektorvektene og vektene til kvart kriterium blir fastsett.

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane 2022:

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 1–18 år	0,0323
Innbyggjarar 16–18 år	0,4002
Innbyggjarar 19–20 år	0,0036
Innbyggjarar 67 år og over	0,0051
Innbyggjarar i alt	0,0232
Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over	0,0011
Søkjarar til utdanningsprogram med høg kostnad	0,0930
Søkjarar til læreplass	0,0154
Reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar	0,0172
Innbyggjarar busett spreidd	0,0207
Sysselsette etter arbeidsstad, skalert (ut over 29 prosent)	0,1442
Normerte ferjekostnader	0,0452
Lengde kystlinje	0,0121
Normerte båtkostnader	0,0121
Vedlikehaldsbehov fylkesveg	0,1746
Sum	1,0000

Indeks for kvart kriterium er vist i kolonnane 1–15. Kriteria er definerte og kriterieverdiane viste i tabell E-fk.

Kolonne 1 – Indeks for innbyggjarar 1–18 år

Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 16–18 år

Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 19–20 år

Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 67 år og over

Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar i alt

Kolonne 6 – Indeks for personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over

Kolonne 7 – Indeks for søkjarar i høgkostnads utdanningsprogram

Kolonne 8 – Indeks for søkjarar til læreplass

Kolonne 9 – Indeks for reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar

Kolonne 10 – Indeks for innbyggjarar busette spreidd

Kolonne 11 – Indeks for sysselsette etter arbeidsstad, skalert

Kolonne 12 – Indeks for normerte ferjekostnader

Kolonne 13 – Indeks for kystlinje

Kolonne 14 – Indeks for normerte båtkostnader

Kolonne 15 – Indeks for vedlikehaldsbehov fylkesveg

Kolonne 16– Indeks for berekna utgiftsbehov

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1–15. Kolonnen blir brukt i tabell A-fk, kolonne 1.

Kolonne 17 – Befolkningsdel per 1.7.2021 (promille)**Kolonne 18 – Del av berekna utgiftsbehov (promille)**

Fylkeskommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Kolonnen blir rekna ut ved å multiplisere fylkeskommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 16) med fylkeskommunen sin del av innbyggjarane (kolonne 17).

Tabell D-fk: Indeks for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane 2022

Fylke	1	2	3	4	5	6	7	8	9
	Indeks innbyggjarar 1-18 år	Indeks innbyggjarar 16-18 år	Indeks innbyggjarar 19-20 år	Indeks innbyggjarar 67 år og over	Indeks innbyggjarar	Indeks pers. m. psykisk utv.hemming 18 år og over	Indeks søklarar i utd. program m. høge kostn.	Indeks søklarar til læreplass	Indeks reise- avstand
30 Viken	1,0465	1,0631	0,9946	0,9951	1,0000	0,8736	0,9529	0,8952	0,5335
03 Oslo	0,9042	0,7955	0,8286	0,7091	1,0000	0,5559	0,4519	0,3471	0,1333
34 Innlandet	0,9014	0,9758	1,0024	1,2755	1,0000	1,3147	1,1569	1,1054	1,4196
38 Vestfold og Telemark	0,9661	1,0151	0,9951	1,1587	1,0000	1,1616	1,0609	1,1651	0,7495
42 Agder	1,0530	1,0404	1,0700	1,0105	1,0000	1,1239	1,0938	1,1652	0,9440
11 Rogaland	1,1203	1,0717	1,0367	0,8524	1,0000	0,9954	1,1179	1,1727	0,5990
46 Vestland	1,0283	1,0346	1,0535	0,9991	1,0000	1,1037	1,1515	1,0790	1,2226
15 Møre og Romsdal	1,0102	1,0606	1,0576	1,1314	1,0000	1,0566	1,2506	1,2668	1,5179
50 Trøndelag	0,9855	0,9750	1,0581	1,0236	1,0000	1,1294	1,0969	1,1992	1,2629
18 Nordland	0,9423	1,0013	0,9845	1,1938	1,0000	1,2371	1,1981	1,2624	2,6726
54 Troms og Finnmark	0,9346	0,9647	1,0613	1,0645	1,0000	1,1988	1,0590	1,2680	3,2658
Heile landet	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000

Tabell D-fk: Indeks for berekna utgiftsbehov for fylkeskommunane 2022

Fylke	10	11	12	13	14	15	16	17	18
	Indeks innbyggjarar busette spreidd	Indeks sysselsette etter arb.stad, skalert	Indeks normerte ferje- kostnader	Indeks kystlinje	Indeks normerte båtkostnader	Indeks vedlikehalds- behov fylkesveg	Indeks berekna utgifts- behov	Del av innbyggjarar i alt (promille)	Del av berekna utgifts- behov (promille)
30 Viken	0,7030	0,6667	0,0089	0,0942	0,2381	0,6005	0,8236	233,39	192,2242
03 Oslo	0,0128	1,9843	0,0000	0,0075	0,0000	0,1766	0,7450	128,87	96,0027
34 Innlandet	2,3432	0,8182	0,0592	0,0000	0,0000	1,5894	1,0501	68,63	72,0614
38 Vestfold og Telemark	0,9964	0,6890	0,1412	0,3900	0,0000	0,9608	0,8998	78,33	70,4818
42 Agder	1,1598	0,7641	0,1157	0,8654	0,0643	1,1874	0,9777	57,30	56,0183
11 Rogaland	0,6535	1,0783	0,7425	0,5417	1,5072	0,7940	0,9958	89,62	89,2384
46 Vestland	1,1170	0,9836	2,0573	1,5882	1,8836	1,2036	1,1354	118,31	134,3302
15 Møre og Romsdal	1,5164	0,9219	3,7000	1,8533	2,1243	1,5199	1,2980	49,11	63,7486
50 Trøndelag	1,4135	1,0037	0,9574	1,8109	1,1390	1,3334	1,0835	87,19	94,4677
18 Nordland	1,6341	0,9278	5,5455	5,8171	5,1109	1,8393	1,5138	44,52	67,3976
54 Troms og Finnmark	1,5150	1,0660	3,4454	3,4099	3,3897	2,1988	1,4312	44,74	64,0289
Heile landet	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1,0000	1000,00	1000,00

Tabell E-fk

Kriteriedata for fylkeskommunane 2022

Tabell E-fk viser kriteriedata som ligg til grunn for berekninga av indeksverdiane i tabell D-fk.

Kolonne 1 – Innbyggjartal per 1. januar 2021

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Kolonne 2 – Innbyggjartal per 1. juli 2021

Tal frå SSB. Det er mindre avvik mellom innbyggjartala per 1. juli 2021 i denne kolonnen og dei offisielle innbyggjartala for andre kvartal som er publiserte på nettsidene til Statistisk sentralbyrå. Bakgrunnen er at innbyggjartala i kriteriedata i inntektssystemet inneheld korreksjonar gjort etter 1. juli. Tala inkluderer etterregistreringar av flytting, fødslar og dødsfall, og kriteriedata som blir brukte i denne samanhengen er difor meir pålitelege.

Kolonnane 3–6 – Innbyggjartal per 1. juli 2021 fordelt etter alder

Tal frå SSB.

Kolonne 7 – Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over

Personar med psykisk utviklingshemming 18 år og over i 2020. Tal frå SSB/KOSTRA.

Kolonne 8 – Søkjarar til utdanningsprogram med høge kostnader

Primærsøkjarar 16 år eller yngre per 1. mars til vidaregåande trinn 1, yrkesfaglege utdanningsprogram inkl. utdanningsprogram for musikk, dans og drama. Gjennomsnitt for skuleåra 2019/2020, 2020/2021 og 2021/2022, etter bustadsfylke. Tal frå Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet.

Kolonne 9 – Søkjarar til læreplass

Søkjarar til læreplass per 1. mars. Kriteriet gjeld berre søkjarar til læreplass som er registrert med ungdomsrett. Gjennomsnitt for åra 2019–2021, etter bustadsfylke. Tal frå Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet.

Kolonne 10 – Reiseavstand for å nå 11 000 innbyggjarar (km)

Samla reiseavstand i kilometer for å nå 11 000 innbyggjarar innanfor fylkesgrensene. Kriteriet er berekna etter same metode som strukturkriteriet i inntektssystemet for kommunane, jf. nærare forklaring i tabell F-k (kolonne 11). Basert på befolkningstal per 1. januar 2021. Tal frå SSB.

Kolonne 11 – Innbyggjarar busette spreidd

Innbyggjarar busette spreidd, per 1. januar 2020. Tal frå SSB.

Kolonne 12 – Sysselsette etter arbeidsstad

Tal på sysselsette i alderen 15–74 år, fordelt etter arbeidsstad. Tal per fjerde kvartal 2019. Tal frå SSB.

Normalt sett ville tal på sysselsette frå 2020 bli nytta i inntektssystemet for 2022.

Koronasituasjonen gjer at bruk av tal på sysselsette frå 2020 i mindre grad reflekterer ein normalsituasjon i fylkeskommunane. Til berekningane i inntektssystemet for 2022 blir det difor teke utgangspunkt i tal på sysselsette frå 2019 og ikkje 2020.

Kolonne 13 – Sysselsette etter arbeidsstad, skalert (ut over 29 prosent)

Tala på sysselsette etter arbeidsstad er skalerte om til å telje sysselsette ut over ein minstedel. Minstedelen er sett til 29 prosent.

Den skalerte verdien kjem fram på følgjande måte:

$$[(\text{Sysselsette etter arbeidsstad 2019} / \text{Innbyggjarar i alt 2019}) - 0,29] * (\text{Innbyggjarar i alt 2019})$$

Eller: $[(\text{kol. 12} / \text{kol. 2}) - 0,29] * (\text{kol. 2})$ i tabell E-fk i Grønt hefte 2021.

Kolonne 14 – Normerte ferjekostnader

Normerte ferjekostnader i mill. kroner for fylkeskommunale ferjesamband og bilførande båtruter i heilårsdrift i 2020, med ein årsdøgntrafikk på 10 personbileiningar eller meir (ÅDT PBE). Koronasituasjonen gjer at bruk av trafikktal frå 2020 i mindre grad reflekterer ein normalsituasjon i fylkeskommunane. Til berekningane i inntektssystemet for 2022 blir det difor teke utgangspunkt i trafikktal frå 2019 og ikkje 2020. Grunnlagsdata som er brukte i berekningane er i hovudsak henta frå Ferjedatabanken, og er publiserte på Kommunal- og moderniseringsdepartementets nettsider.

Kriteriet er basert på ein modell utarbeidd av Møreforsking Molde på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, med justeringar av departementet. Møreforskings modell er dokumentert i Møreforsking Moldes rapport nr. 1701 *Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter* (2017). Justeringane til departementet er dokumenterte i vedlegg 3 i høyringsnotatet om nytt inntektssystem for fylkeskommunane (www.regjeringen.no/id2622524). Kriteriet som er brukt i inntektssystemet for 2022, er justert for å ta omsyn til målet om reduserte ferjetakstar, jf. omtale i Prop. 1 S.

Kolonne 15 – Kystlinje i alt (km)

Kystlinje i alt (øyer og fastland), målt i kilometer. Basert på N50 Kartdata, berekna i målestokk 1:5000. Tal frå Kartverket, 2021.

Kolonne 16 – Normerte båtkostnader

Normerte båtkostnader i mill. kroner for fylkeskommunale båtsamband i heilårsdrift i 2020. Koronasituasjonen gjer at bruk av trafikktal frå 2020 i mindre grad reflekterer ein normalsituasjon i fylkeskommunane. Til berekningane i inntektssystemet for 2022 blir det difor teke utgangspunkt i trafikktal frå 2019 og ikkje 2020. Kriteriet er basert på ein modell utarbeidd av Møreforsking Molde på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, med justeringar av departementet. Møreforskings modell er dokumentert i Møreforsking Moldes

rapport nr. 2003 *Forslag til nye kriterier for båter i inntektssystemet for fylkeskommunene* (2020). Justeringane til departementet er dokumenterte i høyringsnotatet *Forslag til endringer i båt- og ferjenøkkelene i inntektssystemet for fylkeskommunene* (www.regjeringen.no/id2829863). Grunnlagsdata som er brukte i berekningane er i hovudsak henta frå vedlegg 3 i høyringsnotatet, og er publiserte på Kommunal- og moderniseringsdepartementets nettsider.

Kolonne 17 – Vedlikehaldsbehov

Berekna vedlikehaldsbehov på fylkesvegnettet i 1 000 kroner. Berekningane er baserte på ein modell utarbeidd av ViaNova Plan og Trafikk på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Modellen er dokumentert i ViaNova Plan og Trafikks rapport *Forslag til ny modell for beregning av kriteriet for fylkesveg i inntektssystemet for fylkeskommunene* (2021) (www.regjeringen.no/id2864850).

Kriteriet er berekna ut frå ViaNovas modell, og er oppdatert med grunnlagsdata frå Nasjonal vegdatabank (NVDB) og SSB, og korrigert etter innspel frå fylkeskommunane.

For Oslo er vedlikehaldsbehovet berekna av Vegdirektoratet (MOTIV) vidareført. Dette blei berekna som fem gonger gjennomsnittet for primære fylkesvegar i resten av landet for bilvegar, og gjennomsnittet for primære fylkesvegar for gang- og sykkelvegar. Det blei lagt til grunn eit anslått fylkesvegnett på 173 km bilveg og 18 km gang- og sykkelveg.

Kolonne 18 – Elevar i statlege og private vidaregåande skular, vanleg undervisning

Tal på elevar i statlege og private skular i vidaregåande opplæring som får vanleg undervisning. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2020 og 1. april 2021.

Kolonne 19 – Elevar i statlege og private skular med naturbruk

Tal på elevar i statlege og private skular med naturbruk i vidaregåande opplæring. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2020 og 1. april 2021.

Kolonne 22 – Elevar i statlege og private vidaregåande spesialskular

Tal på elevar i statlege og private spesialskular. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2020 og 1. april 2021.

Kolonne 23 – Elevar i statlege og private vidaregåande spesialskular, med opphald

Tal på elevar i statlege og private spesialskular som òg bur ved skulen. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2020 og 1. april 2021. I denne perioden var det ingen elevar i statlege og private spesialskular som òg budde ved skulen.

Tabell E-fk: Kriteriedata for fylkeskommunane 2022

Fylke	Innbyggjartal per 1.7.21, fordelt etter alder:						Personar med psykisk utv.hemming 18 år og over, 2020	Søkjjarar til utd.program med høge kostn. gj.snitt 2019-2021	Søkjjarar til læreplass gj.snitt 2019-2021
	per 1.1.21	2	3	4	5	6			
30 Viken	1 252 384	1 260 731	272 833	47 147	29 647	200 320	4 224	6 204	3 476
03 Oslo	697 010	696 108	130 153	19 480	13 637	78 821	1 484	1 625	744
34 Innlandet	370 603	370 701	69 100	12 724	8 786	75 504	1 869	2 215	1 262
38 Vestfold og Telemark	421 882	423 144	84 531	15 110	9 956	78 291	1 885	2 318	1 518
42 Agder	308 843	309 508	67 394	11 327	7 830	49 944	1 334	1 748	1 111
11 Rogaland	482 645	484 091	112 147	18 250	11 866	65 894	1 848	2 795	1 748
46 Vestland	638 821	639 102	135 903	23 259	15 920	101 959	2 705	3 800	2 124
15 Møre og Romsdal	265 544	265 297	55 421	9 898	6 634	47 931	1 075	1 713	1 035
50 Trøndelag	471 124	470 984	95 979	16 154	11 783	76 985	2 040	2 668	1 739
18 Nordland	240 345	240 496	46 864	8 471	5 598	45 845	1 141	1 488	935
54 Troms og Finnmark	242 168	241 663	46 703	8 201	6 064	41 077	1 111	1 322	944
Heile landet	5 391 369	5 401 825	1 117 028	190 021	127 721	862 571	20 716	27 896	16 636

Tabell E-fk: Kriteriedata for fylkeskommunane 2022

Fylke	10	11	12	13	14	15	16	17
Reise- avstand for å nå 11 000 innb. (km)	Innbyggjarar busette spreidd, 2020	Syssette etter arbeids- stad 2019	Syssette etter arbeids- skalert (ut over 29 pst.)	Normerte ferjekostnader (mill. kr)	Kystlinje i alt (km)	Normerte båtkostnader (mill. kr)	Vedlike- halds- behov (1000 kr)	
30 Viken	5 260 655	154 272	537 709	176 418,9	4,4	2 264	54,0	1 502 361
03 Oslo	725 920	1 548	491 196	289 907,0	0,0	100	0,0	244 000
34 Innlandet	4 115 620	151 196	171 099	63 657,5	8,5	0	0,0	1 169 194
38 Vestfold og Telemark	2 480 352	73 390	183 205	61 190,1	23,1	3 145	0,0	806 791
42 Agder	2 284 937	62 482	138 831	49 632,8	13,9	5 104	3,6	729 260
11 Rogaland	2 267 617	55 066	249 154	109 559,0	139,2	4 997	131,2	762 726
46 Vestland	6 110 589	124 257	316 684	131 939,8	509,1	19 342	216,4	1 526 421
15 Møre og Romsdal	3 149 249	70 025	128 243	51 329,5	380,0	9 369	101,3	800 188
50 Trøndelag	4 651 866	115 881	235 219	99 213,1	174,6	16 253	96,4	1 246 209
18 Nordland	5 026 742	68 407	116 691	46 829,4	516,4	26 659	220,9	877 810
54 Troms og Finnmark	6 172 234	63 727	124 461	54 066,4	322,4	15 703	147,3	1 054 474
Heile landet	42 245 780	940 251	2 692 492	1 133 743,5	2 091,4	102 936	971,0	10 719 434

Tabell E-fk: Kriteriedata for fylkeskommunane 2022

Fylke	Elevar i vanleg statl./priv. undervisning		Elevar i statl./priv. skular med naturbruk		Elevar i statl./priv. spesialskular med opphald	
	18	19	18	19	20	21
30 Viken	3 798,8	151,6	23,7	0,0	23,7	0,0
03 Oslo	1 720,8	105,8	20,7	0,0	20,7	0,0
34 Innlandet	576,1	21,0	15,9	0,0	15,9	0,0
38 Vestfold og Telemark	819,1	42,1	7,0	0,0	7,0	0,0
42 Agder	609,7	97,9	2,3	0,0	2,3	0,0
11 Rogaland	1 656,0	128,2	3,0	0,0	3,0	0,0
46 Vestland	2 988,0	31,8	21,3	0,0	21,3	0,0
15 Møre og Romsdal	520,3	16,2	4,0	0,0	4,0	0,0
50 Trøndelag	1 221,0	209,1	7,8	0,0	7,8	0,0
18 Nordland	261,9	79,4	0,5	0,0	0,5	0,0
54 Troms og Finnmark	555,8	7,1	1,5	0,0	1,5	0,0
Heile landet	14 727,5	890,3	107,7	0,0	107,7	0,0

Tabellar for kommunane

Tabell 1-k

Tabell 2-k

Tabell 3-k

Tabell A-k

Tabell B-k

Tabell C-k

Tabell D-k

Tabell E-k

Tabell F-k

Tabell 1-k

Rammetilskot til kommunane 2022

Kommunane sitt rammetilskot blir løyvd over kap. 571, post 60–67 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot i alt er vist i kolonne 8. Dette omfattar ikkje midlar løyvd på kap. 571, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamninga er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2021. Skatteutjamninga blir gjort gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2022, og rammetilskotet til kvar einskild kommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning for 2022 er ikkje klar før i februar 2023 og er såleis ikkje med i utrekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot for 2022 vil difor vere klart fyrst i februar 2023.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, tilskot med særskild fordeling og inntektsgarantiordninga. For ei meir detaljert omtale av innbyggjartilskotet, sjå tabell 2-k.

Kolonne 2 – Distriktstilskot Sør-Noreg (post 61)

Kolonne 2 viser distriktstilskot Sør-Noreg. Tilskotet er dokumentert nærare i tabell D-k. Tilskotet skal vareta kommunar i Sør-Noreg med ei svak samfunnsmessig utvikling. Tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg tek utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og -utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå. For nærare omtale av distriktsindeksen, sjå: <https://www.regjeringen.no/id2614814>.

Tilskotet blir tildelt kommunar i Sør-Noreg som:

- har under 3 200 innbyggjarar, eller ein distriktsindeks på 46 eller lågare,
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet (målt per innbyggjar), og
- ikkje får distriktstilskot Nord-Noreg.

Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får eit tilskot per kommune. Satsane varierer etter verdien på distriktsindeksen. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot etter høgaste sats. Kommunar med ein høgare verdi på distriktsindeksen får tilskot etter lågare sats, slik at kommunar med distriktsindeks over 46 får halvparten av den høgaste satsen.

For kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleir blir tilskotet gjeve med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot per kommune og per innbyggjar med høgaste sats. Kommunar med høgare verdi på indeksen får tilskot med høvesvis 80, 60, 40 og 20 prosent av den høgaste satsen.

Tilskotet blir rekna ut etter talet på innbyggjarar per 1. januar 2021. Departementet har nytta distriktsindeksen for 2017, som òg vart nytta i inntektssystemet for 2021.

Distriktsindeks for nye kommunar er berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane. Satsane for 2021 er ført vidare for 2022.

Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2022:

Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller meir			Kommunar med under 3 200 innbyggjarar
Distriktsindeks	Sats per kommune (1 000 kr)	Sats per innbyggjar (kroner)	Sats per kommune (1 000 kr)
Indeks 0–35	1 307	1 183	6 034
Indeks 36–38	1 047	947	5 432
Indeks 39–41	785	710	4 827
Indeks 42–44	522	473	4 225
Indeks 45–46	262	237	3 620
Indeks over 46	0	0	3 017

Kolonne 3 – Distriktstilskot Nord-Noreg (post 62)

Kolonne 3 viser distriktstilskot Nord-Noreg i 2022. Tilskotet blir gjeve med eit kronebeløp per innbyggjar til alle kommunane i Nord-Noreg og Namdalen. Satsen er differensiert mellom kommunar i ulike fylke. Den geografiske inndelinga av satsane som vart nytta ved fordelinga av tilskotet før regionreforma, blir ført vidare også etter 2020. Satsen for den einskilde kommune er dimed ikkje påverka av samanslåinga av Troms og Finnmark.

